

## Grensejustering – Ona, Sandøy og Orten


### VEDLEGG

1. Søknad 1
2. Søknad 2
3. Sjekkliste
4. Faktagrunnlag; a) Frå Fylkesmannen, b) Frå Sandøy kommune
5. Resultat av spørjeundersøking
6. Innspel; a)Frå Tove Marie Knobellauch 10.01.18, b)Frå Oddbjørn Drege 10.01.18, c) Frå Odd Arve Orten 11.01.18, d) Frå Oddvar Myklebust datert inn 22.02.18, e) Frå Oddvar Myklebust, f) g) h) Frå Werner Solberg – tilsvar til skriv (e) frå Oddvar Myklebust, i) Frå Malvin Harnes 15.02.18, j) Frå Per Jarle Sæterøy 02.03.18, k) Frå Pål Gåsøy 05.03.18
7. Høyringsuttale frå Sandøy
8. Høyringsuttale frå Aukra
9. Høyringsuttale frå fellesnemnda i nye Ålesund
10. Høyringsuttale frå Kartverket
11. Høyringsuttale frå Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkesutvalet

Vedlegg 1  
14/7476

Ona/Husøya, Sandøya og Orta 12. august 2016

Fylkesmannen i Møre og Romsdal  
Julsundvegen 9  
6412 Molde



## **Innbyggjarinitiativ for utgreiing av grensejustering mellom Sandøy og Aukra kommunar.**

Med bakgrunn i pågåande kommunereform søker innbyggjarane på Ona/Husøya, Sandøya og Orta med dette Fylkesmannen i Møre og Romsdal om at det blir sett i gang ei utgreiing av grensejustering mellom Sandøy og Aukra kommunar. Utgangspunktet for initiativet er at øyane blir lagt til Aukra, eller den kommunen som Aukra blir ein del av.

Dei viktigaste grunnane til at me søker om ei utgreiing av ei grensejustering er:

- Me er mest retta mot Aukra og Romsdal både med omsyn til tenester og leveransar både til næringsliv og private.
- Det er kortast og raskast å kome seg til ein by (Molde) i den retninga. Det vil fortsatt vere tilfellet etter at fastlandssambanda Møreaksen, Kjerringsundet og Nordøyvegen er ferdige.
- Me har alltid vore knytt til Romsdal, både med omsyn til handel, språk, kultur og tradisjonar.
- Geografisk er desse øyane ein del av Romsdalskysten. Me høyrer til Romsdalsregionen, og vil at me skal gjere det i framtida og.

### Innleiing

Sandøy kommune består av fem øyar med fast busetting, Ona/Husøya, Sandøya, Finnøya, Orta og Harøya. Alle øyane vart utskilt frå Aukra kommune i 1867, bortsett frå Myklebust, sørligste del av Harøya, som vart innlemma i kommunen i 1965.

I nordre del av kommunen er det tre mindre øyar som har busetting, Ona/Husøya, Sandøya og Orta, heretter kalla "småøyane". Desse øyane har 64 innbyggjarar og utgjør omtrent 5% av Sandøy kommunes befolkning. I tillegg ligg tre fråflytta øyar i samme område, desse er Gåsøya, Seterøya, og Lyngværet.

### Kommunereformarbeidet

Sandøy kommune starta opp kommunereformarbeidet hausten 2014. Her la rådmannen fram i si saksutgreiing alle aktuelle scenario, også ei deling av kommunen. Reformarbeidet fekk si noverande form i kommunestyret 26.02.15.

Her utgreide kommunen alternativ berre sørover i retning Haram og Ålesund. Innbyggjarane på småøyane engasjerte seg tidleg i prosessen.

Sidan desse øyane er den nordligaste delen av kommunen og grensar mot Aukra kommune, reagerte folket der raskt på det urimelege i at kommunen ikkje ville utgreie alternativ mot Romsdal.

Me legg ved brev frå småøyane til kommunen i april 2015 der det vart bedt om utgreiing også i retning Romsdal, samt å fortsette som eigen kommune. Sjå vedlegg 2.

Hausten 2015 vart det utført ei «innbyggjarundersøking om kommunestruktur på Sunnmøre». Her kom det fram at Sandøy kommune hadde 68 % som var for ei kommunesamanslåing, 66 % ville til Haram og 39 % ville til Aukra, enno Aukra ikkje var eit alternativ i denne undersøkinga. Dette viser klart kor delt kommunen er mellom Sunnmøre og Romsdal.

Innbyggjarundersøkinga i Sandøy kommune i mai 2016 viste at 23 % av dei spurde var positive/nøytrale til ei deling av kommunen, og at det var dei yngste innbyggjarane som var mest positive.

I debatten rundt deling har det frå kommuneleiinga si side framkomme at det særlig er verdien av havområda rundt småøyane som er viktig. At småøyane alltid har vore ein naturleg og integrert del av Romsdalsregionen har det ikkje blitt tatt hensyn til. Skulle innbyggjarane likevel ha nokon verdi må det forventast at deira oppfatning blir vektlagt. Voteringane i kommunestyret har over tid vist at desse synspunkta er oversett.

#### Tenester og handel

Småøyane har vore, og er framleis mest knytta opp mot Molde og Romsdal. Dette har naturleg samanheng med avstandar og kommunikasjonar. Med dagens ferjerute vil tenester som elektro, VVS, service- og handverktenester frå Aukra og Romsdal kunne utnytte heile arbeidsdagen. Dette kombinert med større tilgang på tilbydarar av tenester gjer det enklare, raskare og billigare å få tenestene herifrå.

Det er store og aktive gardsbruk på Sandøya og Orta. All slakt og husdyr går mot Trøndelag, mens kraftfôr, supplerande utstyr og driftsmidlar kjem frå Molde-området. Næringsmessig betjenes småøyane hovudsakleg frå Aukra og Romsdal, og tyngda av materialar og tenester kjem og derifrå.

Utan at me har nokon statistikk for det er varehandelen størst i retning Aukra/Molde, men ikkje så dominant som for tenester. Med dei store samferdselsprosjekta som er på gang, vil det truleg fortsatt vere slik. Møreaksen og forbindelsen frå Otrøya til Aukra (Kjerringsundet) vil gi Aukra fast samband til fastlandet. Slik ferjerutene for dei to ferjesambanda ser ut i dag, vil dette også bety kortare reisetider til Molde for folk som reiser med utasundsferja til og frå Småge.

#### Kommunikasjonar

Dei sørlege delar av kommunen vil få fastlandssamband gjennom Nordøyvegen, og småøyane har full forståing for at Harøy/Finnøy i reformprosessen også finn det mest naturleg å orientere seg sørover. Det er like fullt på det reine at føresetnadane for den nordlige del av kommunen ikkje vil endre seg i særleg grad, og me meiner det er naturleg å orientere oss mot Romsdal.

For at småøyane skal oppretthaldas som levedyktige samfunn er det viktig at kommunikasjonen mot Aukra og Molde vidareførast. Veg og ferjesamband og gode moglegheiter for å reise kollektivt mot Molde er difor avgjerande. Me er sikre på at me får meir forståing og støtte for dette som ein del av Aukra enn som ein del av Ålesund.

### Lege- og helsetenester

Dei fleste på småøyane nyttar seg av lege og helsesenter på Harøya eller Aukra, som kan sjåast som likeverdige i så måte. Det er fritt fastlegevalg i Norge.

Det er ellers fleire og fleire som i staden nyttar seg av større medisinske miljø med større kapasitet og spenn i kompetanse, utstyr og prøvetaking, som Legesenteret i Molde eller Medi3 i Ålesund.

Transport av pasientar til sjukehus blir i dag utført av ambulansébåtane "Øyvon" og "Dr. Riiber". Dersom denne ordninga blir avslutta når Nordøyvegen er ferdig, og alternativet blir helikopter, vil avstanden til Aukra ikkje utgjere nokon forskjell. I dag er det samarbeid om denne tenesta mellom Aukra, Midsund og Sandøy.

Når Sandøy blir ein del av Ålesund er sannsynlegheita stor for at legevaktsamarbeidet Aukra/Sandøy/Midsund vil opphøre, og dermed og at legebåten Øyvon vil bli lagt ned.

### Pleie og omsorg

Sidan heimesjukepleien i dag ikkje kjem til småøyane lenger, må dei som treng pleie flytte til Harøya. Aukra skal no bygge ny sjukeheim, og me ser det som ein stor fordel for både pleietrengande og pårørande å ha eit tilbod på Aukra. Ettersom dei fleste pårørande bur i Romsdalregionen vil det her vere enklare å få besøk av familie, fordi reisetid til og frå fastlandet er betydeleg kortare.

### Sjukehus

Sandøy kommune vedtok i februar 2014 at kommunen skal ha Ålesund sjukehus som primærsjukehus. I vedtaket vert det og sagt at småøyane framleis skal kunne bruke Molde sjukehus når tidsaspektet er viktig, ettersom det for oss er kortare til Molde.

### Brannberedskap

Ved brann på småøyane vil brannmannskap frå Molde ved normale verforhold kunne vere på brannstaden like tidleg som brannmannskap frå Harøya, og kanskje før. Dette fordi Molde har brannmannskap og nytt hurtiggåande utrykningsfartøy i beredskap, mens mannskapet på Harøya er frivillige, og er avhengig av at det er hurtigbåt tilgjengelig for å kunne rykke ut.

### Tilhørigheit og identitet

Tilhørigheit og identitet er viktige faktorar og har i tillegg svært praktiske konsekvensar. Vegen til eit livskraftig samfunn på småøyane må være i eit samspel mellom fastbuande, deira familie, slekt og vener og personar med feriehus på øyane.

Dei med feriehus bidreg til øyane si utvikling og dannar grunnlag for arbeidsplasser (butikk, overnatting, restaurant, reiseliv og handverkstenester) og er den gruppa som mest truleg vil kunne flytte hit. Dei som har feriehus på småøyane er i all hovudsak personar med tilknytning til øya, som tidligare fastbuande eller etterkommarar av tidligare fastbuande.

Det er difor relevant å sjå på kva del av landet personar med tilhørigheit til småøyane er busett. Dette er hovudsakleg mot Molde/Romsdal.

### Land- og sjøområder

Med omsyn til dei sjø- og landområde som naturleg bør følge med i ei grensejustering viser me til vedlagte kart. Me synes det er naturleg at grensa går frå grenselinja mot Midsund kommune, ut gjennom Gåsøysundet, vest for Kvaløya, ut Sandøysøyla ved Håskallen og vidare ut til territorialgrensa.

Det er slik at heile Kvaløya og Tollesholmen høyrer til grunneigarar frå Sandøya.

### Konklusjon


Folket på Ona/Husøya, Sandøya og Orta vil at øyane skal bli ein del av Aukra kommune, eller den kommunen som Aukra blir ein del av. Me har tru på at Fylkesmannen vil legge stor vekt på folkemeininga i denne saka.

Me ber om å bli haldne orientert gjennom prosessen vidare. Dersom noko er uklart eller anna, ver vennleg å ta kontakt.

56 personar som bur på småøyane støttar innsendinga av denne søknaden datert 12 august 2016, ved å underteikne vedlagte liste. Dette utgjør 91,8 % av den vaksne befolkninga.


Sjå vedlegg 1

For Ona/Husøya



Oddgeir Viken  
Kontaktperson.

For Sandøya



Evy Linningsvoll

For Orta



Andreas Orten

Postadresse : Onagarden 10, 6483 Ona  
e-post : [oddgeir.viken@gmail.com](mailto:oddgeir.viken@gmail.com)  
Telefon : 915 71 618

### Vedlegg:

1. Underskriftslistar
2. Uttale frå folkemøte
3. Oversiktskart
4. Detaljert kart

## Vedlegg 1

Me bur på Ona/Husøya, Sandøya og Orta og støttar søknaden om grensejustering datert 12. august 2016

Side 1

Nummer	Navn	Adresse	Underskrift
1	ELSE ORTEN	ORTEN	Else Orten
2	KARI NILSEN	"	Kari Nilsen
3	PEGGY NILSEN	"	Peggy Nilsen
4	Kris Rolih? N Eiden	"	Kris Rolih Nilsen Eiden
5	Wjn KATRIN V. Eiden	"	Wjn Eiden
6	ANDREAS CRTEN	"	Andreas Crtten
7	RACHEL CRTEN	"	Rachel Crtten
8	ODDARVE CRTEN	"	<del>Oddarve Crtten</del>
9	WERNER SOLBERG	"	W. Solberg
10	RAGNHILD THINGSTAD	"	Ragnhild Thingstad
11	Siilde SORMOEN	ONA	Siilde Sormoen
12	MATTHIAS S. GJETOY	"	Matthias S. Gjetoj
13	DAG OVE JENSEN	ONA	Dag O. Jensen
14	HALDIS HANSEN	ONA	Haldis Hansen
15	BJORN. JENSEN	ONA	Bjorn Jensen
16	Andr. Skjerve	ONA	Andr. Skjerve
17	MARIANNE ELIASSEN	ONA	Marianne Eliassen
18	ANNE MARIT STEINSHAMN	ONA	Anne Marit Steinshamn
19	PER E. DIORIKSEN	ONA	Per E. Dioriksen
20	OLAV VIKEN	"	Olav Viken
21	ØYSTEIN HANSEN	"	Øystein Hansen
22	TORSTEIN VIKEN	"	Torstein Viken
23	TURID MYRVANG	"	Turid Myrvang
24	GERD HUSEY	"	Gerd Husey
25	KIRSTEN HUSEY	"	Kirsten Husey
26	HALLGERD SANDØY	Sandøy	HALLGERD SANDØY
27	JOEUNN BERGTUN	"	JOEUNN BERGTUN
28	OLAV ELLENSET	"	Olav Ellenset
29	EVI LUNNINGSVOLL	SANDØY	Evi Lunningvoll
30	ANNE LISE ELLENSET	"	Anne Lise Ellenset
31	Inger Løset	Sandøy	Inger Løset
32	Herdis Sandøy	Sandøy	Herdis Sandøy
33	ARVE IVERSEN	Sandøy	Arve Iversen
34	MariAnn S. IVERSEN	Sandøy	MariAnn S. Iversen
35	RAGNHILD SANDØY	"	Ragnhild Sandøy

36	ARVE LINNINGSVOLL	SANDØY	Arve Linningsvoll
37	MALERID HUSØY	ONA	Malerid Husøy
38	KRISTIAN M. THORHEIM	ONA	Kristian Mathilde Thorheim
39	KRISTIAN HUSØY	ONA	Kristian Husøy
40	ANNE GRÆE BERGTUN	SANDØY	Anne Græe Bergtun
41	TOR KETIL BERGTUN	— — —	TOR KETIL BERGTUN
42	John Harry SANDØY	Sandøya	John Harry Sandøy
43	TØVE MARI KNOBELAUCH	SANDØYA	Tove Mari Knobelau
44	ERNA SANDØY	SANDØYA	Erna Sandøy
45	GOSTEIN SANDØY	— — —	Gostein Sandøy
46	KJELL OVE SANDØY	SANDØYA	Kjell Ove Sandøy
47	Heddis Sandøy	Sandøy	Heddis Sandøy
48	Ingrid Sandøy	SANDØY	Ingrid Sandøy
49	INVAR SANDØY	SANDØY	Invar Sandøy
50	GUNNERID SANDØY	SANDØY	Gunnerid Sandøy
51	MARGOT SANDØY	SANDØY	Margot Sandøy
52	MARTE LINNINGSVOLL	Sandøy	Marte Linningsvoll
53	STIG RUNE BERGTUN	SANDØY	Stig Rune Bergtun
54	ODDGEIR VIKEN	ONA	Oddgeir Viken
55	TONJE G. NORSTRØD	ONA	Tonje G. Norstrød
56	TOBJØRN VOLLEN	SANDØY	Tobjørn Vollen
57	EIVY ZACHARIASSEN	SANDØY	Eivy Zachariasen
58			
59			
60			
61			
62			
63			
64			
65			
66			
67			
68			
69			
70			

Fra: **Stig Rune Bergtun** stigrunebergtun@msn.com  
Emne: Delingssaken  
Dato: i går kl. 19.13  
Til: Arve Linningsvoll arvelinn@online.no

Bekrefter min enighet til søknad som blir sendt til fylkesmann ifra Sandøy ,Ona og Orta.  
Om tilhørighet til Aukra.

Stig Rune Bergtun



Vedlegg 2  
Uttale fra folkemøte på  
Sandøya 26. april 2015

Sandøy kommune  
6487 Harøy


**Uttalelse fra folkemøte på Sandøya 26. april 2015 om kommunereformen**

Vedlagt oversendes uttalelse med frammøttes underskrifter.

Det vedlegges også liste med underskrifter fra de som ikke var med på møtet, men som likevel ønsker å støtte uttalelsen.

Møtet ønsket at uttalelsen skulle legges fram på neste folkemøte om kommunereformen på Harøya 28. mai 2015.

Sandøy 29.04.2015

  
Olav Ellevset  
På vegne av møtet

## Uttalelse fra folkemøte på Sandøya søndag 26. April 2015


På åpent møte på Sandøya 26. april 2015 var det det 26 frammøtte. Temaet for møtet var kommunereformen, og hvilke alternativer for nye kommuner som bør utredes.

Av de tre alternativene som utredes av Sandøy kommune i dag er alle rettet sørover mot Sunnmøre, og ingen rettet mot Romsdal.

Møtet vedtok at det også bør utredes ett eller flere alternativer i retning Romsdal. Herunder bør det gis åpning for at deler av Sandøy kommune kan rettes mot Romsdal.


~~Østfær Øst~~ Gulløy Seidh John Stein Sandøy  
Tore Klein Turid Myrnes Kågnhild Sandøy  
● Aveliningsvoll Myrene Bergum E. P. Sandøy  
Bodhild Sandøy, Verma Sandøy Paul G. Sandøy  
Eise Orten, Kira Eidem Peggy Nilsen Oddehild Sandøy  
Marie Ann Sandøy Jøersen Hauanne D. Eliassen  
Anne Inge Ellvseth, Torunn Bergum Øykinningvoll  
Jule Christen Oddegen Vikum Olav Ellvset

Vedlegg 3  
Oversiktskart delingsakeren  
Sandøy-Aukra



Vedlegg 4  
Detaljkart delingssaken  
Sandøy-Aukra

Kraksu



Vedlegg 2  
14/7476

MOTTATT  
26 AUG. 2016  
Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Liv Tove Lyngvær  
Amtmann Leths gate 11  
6413 MOLDE

Molde, 26.08.2016

Fylkesmannen i Møre og Romsdal  
Fylkeshuset  
HER

**VEDRØRENDE KOMMUNEREFORMEN**

Lyngværet, Gåsøya og Seterøya ønsker grensejustering til Aukra kommune.

Med vennlig hilsen



Liv Tove Lyngvær

Vedlegg: 5













**Sjekkliste for innhenting av faktagrunnlag ved grensejustering -Kryssa av det som er innhenta**Areal og geografi:

- Storleik på areal som er søkt grensejustert
- Geografisk plassering i kommunen
- Viktige naturressursar og spesielle geografiske tilhøve

Innbyggartal og demografi:

- Folketal totalt i grunnkrins(ane) som blir overført
- Befolkning fordelt på alder

Kommunikasjonstilhøve og pendling:

- Kommunikasjonstilhøve i området, t.d. busstilbod, gang- og sykkelveggar og vegstruktur
- Avstand til barne- og ungdomsskular, idrettsanlegg, kyrker, sjukeheim osv.
- Reiseavstand til kommunesenter før og etter grensejustering
- Pendling for innbyggjarar i det aktuelle området

Kommunale tenestetilbod:

- Bruk av kommunale tenestetilbod (kommunale institusjonar, kommunalt omsorgstilbod) i det aktuelle området i noverande kommune
- Eventuelle kjøp av kommunale tenester i andre kommunar for innbyggjarane i det aktuelle området
- Bruk av kommunale tenestetilbod (kommunale institusjonar, kommunalt omsorgstilbod) i det aktuelle området i ny kommune
- Fylkeskommunale/statlege tilbod – bruk i dag og ved grensejustering

Utbyggingsmønster:

- Planar for området etter plan- og bygningslova som gjeld utbygging av næring og bustader

Anna:

- Overordna økonomiske effektar, dvs. effekt på frie inntekter
- Utlikna skatt (jf. effekt over inntektssystemet)
- Foreiningar i det aktuelle området
- Retningsval pr. i dag ved bruk av kultur- og fritidsaktivitetar for befolkninga i aktuelt område




FYLKESMANNEN  
I MØRE OG ROMSDAL

Vedlegg 4  
a

2017

# Grensejustering i Sandøy kommune



fmmrvive@fylkesmannen.no

Møre og Romsdal Fylkeskommune

22.11.2017

# Innhold

1	Moglege grensejusteringar i Møre og Romsdal .....	3
1.1	Grunnkretsane Orten, Sandøy og Ona/Husøy .....	3
1.2	Grunnkretsane Bjørke og Viddalen .....	3
1.3	Grunnkrets Liabygda .....	3
1.4	Grunnkretsane Dalsbygda, Eide, Rønneberg og Ytterdal .....	3
1.5	Grunnkretsane Øye/Heggem, Fagerli, Flemma og Angvik .....	3
2	Tenestetilbod og anna informasjon frå Møre og Romsdal fylkeskommune .....	3
2.1	Plan- og analyse .....	3
2.2	Utdanning .....	3
2.3	Tannhelse .....	3
2.4	Samferdsel .....	3
2.4.1	Veg .....	3
2.4.2	Kollektivtrafikk .....	3
2.4.3	Skoleskyss .....	4
2.4.4	Drosje .....	4
2.4.5	Tilrettelagt transport for funksjonshemma (TT-ordninga) .....	4
2.5	Regional- og næringsavdelinga .....	4
2.5.1	Kommunale næringsfond og hoppid.no .....	4
2.5.2	Distriktsområde .....	4
2.5.3	Vassforvaltning .....	4
2.5.4	Akvakultur .....	4
2.6	Kultur .....	5
2.6.1	Kulturvernseksjonen .....	5
2.6.2	Seksjon Folkehelse og fysisk aktivitet .....	5
2.6.3	Kulturformidlingsseksjonen .....	5
2.6.4	Fylkesbiblioteket .....	5
3	Innbyggartal, demografi, sysselsetting og arbeidspendling for grunnkretsane Orten, Sandøy og Ona/Husøy 6	
3.1	Innbyggartal og demografi .....	6
3.1.1	Folketal, samla og etter aldersgrupper .....	6
3.1.2	Elevar i vidaregåande skole, skoleåret 2016/2017 .....	6
3.1.3	Flytting samla i 2015 og 2016 .....	7
3.2	Sysselsetting og arbeidspendling .....	8
4	Kart .....	9

# Forord

Fylkesmannen i Møre og Romsdal (FMMR) har på oppdrag frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) blitt bedt om å utgreie søknad om ei grensejustering i Sandøy kommune (Nye Ålesund kommune frå 1. jan. 2020). Dette gjeld øyane Sandøy, Ona, Orten, Lyngværet, Gåsøya og Seterøya som ynskjer flytting til Aukra kommune. KMD ber Fylkesmannen om å gjere greie for konsekvensar av ei slik grensejustering. Fylkesmannen kan i tillegg utgreie større eller mindre grensejusteringar i det omtalte området. Utgreiingane skal gi opplysningar om relevante forhold som folketal, areal, geografi, kommunikasjonsforhold, pendling, utbyggingsmønster og det kommunale tenestetilbodet.

Kommunane og andre offentlege etatar skal så raskt som mogleg skaffe til veie det relevante informasjonsgrunnlaget til utgreiinga når fylkesmannen ber om det, jf. inndelingsloven § 9.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har bedt Møre og Romsdal fylkeskommune (MRFK) om informasjon i forbindelse med utgreiinga av grensejusteringa. I høve faktagrunnlaget på noverande tidspunkt er det i all hovudsak MRFK som har gitt oss informasjonen.

I dette faktagrunnlaget er det samla inn oppdatert informasjon i høve til:

- Innbyggartal og demografi
  - Folketal totalt og i grunnkrins(ane) som blir overført
  - Befolkning fordelt på alder
- Sysselsetting og arbeidspendling
  - Arbeidsplassar i det aktuelle området
  - Pendling for innbyggjarar i det aktuelle området
- Tenestetilbod
  - Endringar i tilgang til kommunale tenester for innbyggjarar ved overflytting til ny kommune
  - Fylkeskommunale tilbod – bruk i dag og ved grensejustering
- Anna
  - Planar for området etter plan- og bygningslova som gjeld utbygging av næring og bustader
  - Utbyggingsmønster

MRFK har i tillegg utarbeid kart som syner grensejusteringa. Kartverket har i denne omgangen ikkje delteke i kartillustrasjonane.

MRFK påpeikar at særleg dei kvalitative innspela, må sjåast på som overordna innspel. Enkeltstående problemstillingar om korleis til dømes endring i kommunal grunnskolestruktur vil påverke kostnader kring skoleskysstilbodet fylkeskommunen tilbyr og korleis fylkeskommunens eigarskap i kvart enkelt selskap med geografisk nedslagsfelt i dei relevante kommunane påverkast er ikkje drøfta.

I kap. 1 beskrivast alle grensejusteringane som skal utgreiast i Møre og Romsdal, følgd av ein gjennomgang av moglege konsekvensar for tenestetilbodet frå fylkeskommunen i kap. 2. Dette kapittelet er bygd opp etter det tenestetilbodet fylkeskommunen tilbyr frå dei einskilde avdelingane sine. I kap. 3 finst informasjon som dekker innbyggartal, demografi, sysselsetting og arbeidspendling, og til sist i kap. 4. er det lagt inn kart som syner grenseendringa.

# 1 Moglege grensejusteringar i Møre og Romsdal

Det er 5 moglege grensejusteringar Møre og Romsdal fylkeskommune er bedt om å gje innspel til.

## 1.1 Grunnkrinsane Orten, Sandøy og Ona/Husøy

Grunnkrinsane 15460107 Orten, 15460108 Sandøy og 15460109 Ona/Husøy vurderast flytta frå 1546 Sandøy til 1547 Aukra.

## 1.2 Grunnkrinsane Bjørke og Viddalen

Grunnkrinsane 15200404 Bjørke og 15200405 Viddalen vurderast flytta frå 1520 Ørsta til 1519 Volda.

## 1.3 Grunnkrins Liabygda

Grunnkrins 15250101 Liabygda vurderast flytta frå 1525 Stranda til 1526 Stordal.

## 1.4 Grunnkrinsane Dalsbygda, Eide, Rønneberg og Ytterdal

Grunnkrinsane 15240108 Dalsbygda, 15240109 Eide, 15240110 Rønneberg og 15240111 Ytterdal vurderast flytta frå 1524 Norddal til 1525 Stranda.

## 1.5 Grunnkrinsane Øye/Heggem, Fagerli, Flemma og Angvik

Grunnkrinsane 15570202 Øye/Heggem, 15570204 Fagerli, 15570205 Flemma og 15570206 Angvik vurderast flytta frå 1557 Gjemnes til 1502 Molde.

# 2 Tenestetilbod og anna informasjon frå Møre og Romsdal fylkeskommune

## 2.1 Plan- og analyse

Kommunale grensejusteringar internt i Møre og Romsdal vil ikkje påverke tenestetilbodet relatert til plan, planfagleg rettleiing og tilbodet om statistikk- og analysehjelp til kommunane.

## 2.2 Utdanning

Interne grensejusteringar internt i Møre og Romsdal vil ikkje ha betydning for skoletilbodet eller skolestrukturen. Fritt skoleval og at det gjelder få elever er grunnen til det.

## 2.3 Tannhelse

Grensejusteringa relatert til Orten, Sandøy og Ona/Husøy kan gje ei utfordring med pasientjournalssystemet OPUS, men det må kunne løysast. Pasientane vil ikkje bli flytta til Aukra for behandling.

## 2.4 Samferdsel

### 2.4.1 Veg

Grensejusteringar internt i fylket vil ikkje ha nokon konsekvens for brukarane av vegen.

### 2.4.2 Kollektivtrafikk

Grensejusteringar internt i fylke kan få ein konsekvens. Rutepakkane er i dag strukturert slik at dei i hovudsak følg kommunegrensene. Grensejusteringar fører til endra kommunesenter for

innbyggjarane, og det kan medføre at det ikkje går kollektivtrafikk til dømes rådhuset i kommunen. Dette kan igjen føre til endra behov i kollektivtrafikken, noko som kan medføre endring i kollektivproduksjonen. Endring i produksjon kan føre til økt vognbehov. Behov for meir materiell enn definert i kontraktane kan bli kostnadskrevjande for fylkeskommunen.

#### 2.4.3 Skoleskyss

Grensejusteringar internt i fylke kan få ein konsekvens.

Elevar ved private skolar vil få ein utvida skyssrett om dei bur i ein stor kommune. Skyssretten er avgrensa til å gjelde heimkommunen, og store kommunar vil gi fylkeskommunen økonomisk ansvar for lenger strekning med skoleskyss.

Om barna i grunnkrinsane Orten, Sandøy og Ona/Husøy skal bytte skolekrins må ferjeruta omarbeidast og tilpassast skolestart og slutt ved Gossen barne- og ungdomsskole. Rute 32 (Onaruta) er i dag tilpassa skolestart på Harøy skole, rute 22 (Brattvåg – Dryna-Fjørtofta-Harøya) og rute 31 (Aukra-Hollingsholm). Det vil difor verte eit omfattande arbeid å omarbeide denne ruta. Dette vil kunne ha konsekvensar for arbeidspendlarar. Pr i dag har vi to elevar i 6 klasse som pendlar frå Sandøy til Harøy skole.

#### 2.4.4 Drosje

Nokre av grensejusteringane internt i Møre og Romsdal vil føre til små justeringar i høve løyvegrensene for drosjane i kommunane.

#### 2.4.5 Tilrettelagt transport for funksjonshemma (TT-ordninga)

Ingen store endringar når ved grensejusteringar internt i fylket.

## 2.5 Regional- og næringsavdelinga

Konsekvens for tenestetilbodet frå RN.

#### 2.5.1 Kommunale næringsfond og hoppid.no

I den grad det vert flytta mange personar ved grensejusteringar internt i fylket, vil fordeling av kommunale næringsfond verte påverka. Noko av beløpet vert fordelt etter innbyggartal i kommunane.

#### 2.5.2 Distriktsområde

Nokre av desse grensejusteringane medfører at grunnkretsar vil flytte frå kommunar i distriktsområdet (sone 3) til sone 1 eller sone 2. Kva sone kommunen er i, har betydning for kva type støtte ein kan få frå fylkeskommunen og kva støtte bedriftene kan få frå Innovasjon Norge. Sonene gjeld til og med juli 2021, om grensejusteringane vil «overstyre» denne soneinndelinga er mindre truleg.

#### 2.5.3 Vassforvaltning

Interne grensejusteringar vil ikkje ha konsekvensar for den tenesta fylkeskommunen tilbyr. Men kommunane må kartlegge dei vassdraga som skifter kommune.

#### 2.5.4 Akvakultur

Interne grensejusteringar i fylket vil ikkje ha konsekvensar for akvakulturforvaltninga til fylkeskommunen.



## 2.6 Kultur

### 2.6.1 Kulturvernseksjonen

Grensejusteringar vil føre til ei utfordring i samband med arkivsituasjonen relatert til fagfelte kulturminne og arkeologi. Det vil derfor vere viktig å legge ein plan for korleis dette praktisk kan løysast. Erfaringa frå til dømes grensejusteringa mellom kommunane Vanylven og Sande er relevant.

### 2.6.2 Seksjon Folkehelse og fysisk aktivitet

Når det gjelder morotur.no, må vi gjere nokon praktiske endringar når nye kart teiknast.

Kommunereforma og grensejusteringar vil føre til endringar i anleggsdekninga i dei ulike kommunane. Anleggsdekninga leggst til grunn for prioriteringane av spelemiddel. Det er mange anlegg i fylket, og arbeidet med kartlegginga har ikkje starta enda.

### 2.6.3 Kulturformidlingsseksjonen

Seksjonen drifter den kulturelle skolesekken i kommunane i fylket. Interne grensejusteringar endrar ikkje organiseringa av turneane i stor grad, men det vil vere behov for reorganisering internt hos oss. Det må opprettast dialog med kommunekontaktane om endringar og samordning. Det vil bli fleir arbeidsoppgåver for kommunekontaktane i overgangen, men det vil normalisere seg etter kvart.

### 2.6.4 Fylkesbiblioteket

Truleg ingen konsekvensar.

### 3 Innbyggartal, demografi, sysselsetting og arbeidspending for grunnkrinsane Orten, Sandøy og Ona/Husøy


#### 3.1 Innbyggartal og demografi

##### 3.1.1 Folketal, samla og etter aldersgrupper

Kjelde: SSB

		Samla	Etter aldersgruppe							Anonymisert*	
			Barnehage 0-5 år	Barneskole 6-12 år	Ungd.skole 13-15 år	Vgs. 16-19 år	20-44 år	45-66 år	67-79 år		80 år +
Orten	2011	9	0	0	0	1	3	5	0	0	1
	2017	11	1,5	0	0	0	4	4	1,5	0	3
Sandøy	2011	36	0	0	0	1	7	17	6	5	1
	2017	36	0	2	0	0	4	12	15	3	2
Ona/Husøy	2011	29	0	0	0	0	3	12	6	8	0
	2017	20	0	0	0	2	2	10	2	4	6
Samla	2011	74	0	0	0	2	13	34	12	13	2
	2017	67	1,5	2	0	2	10	26	18,5	7	11

\* Aldersgrupper med 1 eller 2 personar er i datagrunnlaget anonymisert. For at folketallet skal være riktig for hver grunnkrets, er antallet anonymiserte personar likt delt på dei anonymiserte gruppene. Dette gjer at det kan vere grupper med desimaltall.



##### 3.1.2 Elevar i vidaregåande skole, skoleåret 2016/2017

Kjelde: Møre og Romsdal fylkeskommune

Tal elevar i vidaregåande skole i skoleåret 2016/2017 med postadresse 6483 Ona, 6484 Sandøy og 6486 Orten.


Vidaregåande skole i kommune	Elevar
I Møre og Romsdal	1
Samla	1

### 3.1.3 Flytting samla i 2015 og 2016

Kjelde: SSB

 Fråflytting

 Tilflytting



Flytting fra gruppen til:	Personar
Molde	4
Sandøy	3
Samla	7

Flytting til gruppen fra:	Personar
Molde	3
Ålesund, Aukra	Anonymisert (3)
Samla	6

### 3.2 Sysselsetting og arbeidspending

Dei aktuelle grensejusteringane dreiar seg i stor grad om relativt få personar. Skal ein sjå på til dømes pendling etter kommune blir talgrunnlaget veldig lite for kvar gruppe. Det gjer at forklaringskrafta til datagrunnlaget blir svakt når ein ser på grunnkrets nivå. Vi har derfor ikkje tal på grunnkrets nivå for sysselsetting og arbeidspending.

## 4 Kart

Fig. 1 - Nye Ålesund kommune frå 1. jan. 2020 utan grensejustering





Fig. 2 - Nye Ålesund kommune frå 1. jan. 2020 med grensejustering



Karta ligg vedlagt i større format



**Sandøy kommune**  
Rådmannen

Vedlegg 4  
b

Kopimottakar:

fylkesmannen i Møre og Romsdal Vigdis Rotlid Vestad

Dykkar ref.:

Vår ref.: 16/182

Saksbehandlar, tlf.

Dato: 18.12.2017

JournalpostID:  
17/6949

Anny Sønderland, 71 27 75 10

## Søknad om grensejustering i Sandøy kommune - innhenting av faktagrunnlag til utgreiing

Vi viser til spørsmål om innspel til faktagrunnlag til utgreiing om mogleg grensejustering i Sandøy kommune.

Vedlagt følger våre innspel.

Ta gjerne kontakt ved behov for utfyllande informasjon.

Med helsing  
for Sandøy kommune

Anny Sønderland  
rådmann

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*

### Vedlegg:

Namn/ adresseliste på fastbuande - Orten  
Namn/ adresseliste på fastbuande - Sandøya  
Namn/ adresseliste på fastbuande - Ona  
Faktagrunnlag til utgreiing om eventuell grensejustering

**Kopi til:**  
fylkesmannen i Møre og  
Romsdal Vigdis Rotlid Vestad



## SANDØY KOMMUNE

### Faktagrunnlag til fylkesmannens arbeid med utgreiing om mogleg grensejustering - 18.12.2017

#### Innleiing

Vi ser det som positivt at kommunen og også fellesnemnda i nye Ålesund får kome med innspel til faktagrunnlaget til fylkesmannens utgreiing om mogleg grensejustering.

Vi vil først vise til inndelingslova og forhold som dermed skal leggjast vekt på ved vurdering av ei mogleg grensejustering:

*Formålet med denne lova er å leggje til rette for ei kommune- og fylkesinndeling som innafor ramma av det nasjonale fellesskap kan sikre eit funksjonsdyktig lokalt folkestyre og ei effektiv lokalforvaltning. Endringar i kommune- eller fylkesinndelinga bør medverke til å skape formålstenlege einingar som kan gi innbyggjarane og næringslivet tilfredsstillande tenester og forvaltning. Verksemda etter denne lova skal byggje på prinsippet om lokal medverknad og initiativrett til grenseendringar.*

Vi merkar oss at fylkesmannen i førebels utkast nyttar tittelen grensejustering i Sandøy kommune og ikkje til dømes **utgreiing om mogleg** grensejustering i Sandøy kommune.

Når det gjeld kartet, vil vi påpeike at sjøgrensa for ei eventuell grensejustering går svært nær Finnøya, og at det er lagt inn ein «knekk» for å få med alle øyene som er med i søknaden. Vi forstår det slik at dette er ein illustrasjon for ei aktuell grenselinje. Gjeldande kart er ikkje tilfredsstillande.

Den moglege grensejusteringa omfattar mellom 4-5 % av innbyggjarane i Sandøy kommune og over 40 % av arealet (landareal/havområde).

Ei grensejustering har ei kostnadsside. Vi legg til grunn at dette også er eit moment som blir teke med i ei heilskapleg vurdering.

Vi vil nedanfor gje innspel til dei fakta som fylkesmannen har bedt om.

#### Kommunale tenestetilbod

Med nokre få unntak får innbyggjarane på dei aktuelle øyene tenestene sine i Sandøy kommune.

#### **Helse- og omsorgstenester**

Helse- og omsorgstenester blir i hovudsak gitt på Harøya. Det er ikkje faste tilsette med tenestestad på Sandøya, Ona og Orta. Tenester til innbyggjarane blir tilbydd ut frå behov og i nært samarbeid med brukar/pasient. Det er heimetenester som støttekontakt, praktisk bistand og heimesjukepleie som det blir lagt til rette for i heimen. Vi finn lokale løysingar. Periodevis er det løna familiehjelp.



Innbyggjarar på øyene Sandøya, Ona og Orta har historisk sett vore prioriterte brukarar/pasientar ved tildeling av tenester for å sikre tryggleik og stabilitet i tenester. Prioritet har blitt gitt både ved tildeling av omsorgsbustad og heildøgnsomsorgstilbod. Fleire eldre med behov for fast oppfølging er i dag busette på Harøya i tilrettelagt bustad. Desse og andre frå øyene nyttiggjer seg dagtilbod på Møteplassen.

Det er inngått avtale med einskilde innbyggjarar på kvar av småøyene om transport av pasientar i privatbil ved behov til legeskyssebåten.

Kommunelegen i Sandøy er fastlege for ca 1300 pasientar, som er meir enn talet på busette i kommunen. I rapport utarbeidd av Nordplan AS er det oppgjeve at nokre av innbygarane på øyene nyttar fastlege i Aukra og i Molde.

Det er i dag legevaktsamarbeid mellom kommunane Sandøy, Midsund og Aukra. Midsund og Aukra ønskjer samarbeid med Molde kommune om legevakt.

Det er barn under skulepliktig alder som får helsestasjonstenester i Aukra.

### **Oppvekst og kultur**

Skulebarn frå Sandøya går på skule på Harøya. Desse har dekt skuleskyss dagleg. Det inngår i beredskapsplan at Øyvon blir brukt til frakt av skuleborn ved driftsstans etc.

Frå næringsfondet og dei ållmenne kulturmidlane blir det gitt støtte til tiltak i heile kommunen. Forsamlingshuset Stormly på Ona har til dømes fått støtte. I kulturbudsjettet inngår dekking av transportutgifter for korps 17. mai til Sandøya og Ona.

Øyene har sentrale kulturminne som Steffogarden og Sandøy kyrkje. Kommunen er del av Romsdalsmuseet og vil framleis vere det i nye Ålesund.

Ved politiske møte, som kommunestyremøte eller folkemøte, vil det bli avtalt særleg skyss om dette er naudsynt for innbyggjarar på øyene slik at dei kan delta. Dette blir avklart frå gong til gong.

Dette blir også gjort tilpasningar til ferjeavgangane ved arrangement som til dømes seniordansen. Kommunen har arbeidd for «kulturruta» torsdag og fredag, slik at dei frå øyene kan nå arrangement ettermiddag/kveld.

Etter det vi kjenner til er Sandøy kommune, inklusiv øyene sjølve, retningsval pr. i dag ved bruk av kultur- og fritidsaktivitetar for befolkninga i det aktuelle området.

Foreinigar i det aktuelle område:

- Ona og Husøy Velforening
- Ona småbåtlag
- Steffogardens Venner, Ona
- Forsamlingshuset Stormly, Ona
- Sandøy Velforening
- Sandøy Småbåtforening
- Sandøy Kvinne og familieforbund
- Orten småbåtlag

Sandøya kyrkje og kyrkjegard blir nytta av pårørande frå Finnøya. Gravplassen blir også i dag delvis nytta av innbyggjarar frå Finnøya. Kyrkja blir kvart år brukt til barsedåp og konfirmasjon av innbyggjarar i heile Sandøy kommune, samt folk utanfrå kommunen.

### **Tekniske tenester og brann**

Kommunen leverer vatn til Sandøya, Ona og Husøya. Det ligg sjøledning frå Finnøya, via Sandøya til Husøya. Denne krev ettersyn med dykkarar. Dette er kostbart, men nødvendig for å sikre at leidninga er i orden.

Vasstårnet på Sandøya er i drift, og hydroforanlegget på Husøya skal oppgraderst i samband med riving av Ona skule. Desse blir tekne ut av bruk når høgdebassenget på Myklebust/Harøya er ferdig.

Alle vassforsyningsanlegga er i relativt dårleg stand, og gjev årleg utfordringar med frostskaider i uisolerte bygningar med påfølgjande lekkasjar.

Kommunen har ansvar for vegar på alle øyene. På Ona/Husøy og Sandøya er det mest fylkesvegar. Kommune har avtale med ein operatør på kvar øy om brøyting.

Det er kommunale kaier, og særleg på Orta har det vore brukt mykje midlar på reparasjon og vedlikehald av ambulansekaiflytebrygge. Den er ikkje i funksjon for tida.

Det er bygd kommunale avløpsanlegg på Ona og Husøya seinare år. Det er elles behov for oppgraderingar.

Det er branndepot på Sandøya og Ona/Husøya. På Sandøya er det tre deltidstilsette «depotmannskap». Det er ein på Orta, men ingen på Ona. Vi har der ein avtale med ein fastbuande om ettersyn av utstyr etc. Dette er sårbart. Vi har utarbeidd brannsikringsplan som krev øvingar, og har fått montert nye brannpostar og brannalarmar. Orta har ikkje depot. Det er der behov for noko utstyr til bruk før brannvesenet kjem. Molde Brannvesen vil også i framtida vere sentral for å bistå ved brann på Ona/Husøya, Sandøy og Orta.

### **Kommunale tenester i Nye Ålesund**

I nye Ålesund vil Steinshamn framleis ha tilbod om jordmor, helsestasjon, lege, heimeteneste, omsorgsbustader med og utan heildøgntilbod, sjukeheim, rådhusfunksjonar og andre tenester. Skule, barnehage og SFO skal vere på Huse som no. Dette går fram av intensjonsavtalen. Færre innbyggjarar vil kunne svekke grunnlaget for tenestene for resten av innbyggjarane i dagens Sandøy kommune.

Som del av nye Ålesund vil dei kommunale tenestene, og dermed arbeidsplassane, framleis vere nær brukarane. Dei tilsette i Sandøy blir ein del av eit større fagmiljø. Spesialiserte tenester vil bli tilgjengelege. Dette i samsvar med målsettinga i kommunereforma om at større kommunar skal gi betre kapasitet og kompetanse.

## Viktige naturressursar og spesielle geografiske tilhøve – nye Ålesund

Sandøy kommune har 21,5 kvadratkilometer landareal. Havflata i kommunen er 985,7 kvadratkilometer. Ved ei eventuell grensejusteringa vil store havområde ikkje lengre vere del av kommunen.

Havområdet er sentralt for å arbeide fram løysingar og sikre ei berekraftig utvikling gjennom det grønne skiftet. NTNU satsar på det grønne skiftet, og samarbeider med det innovative miljøet ved Norsk Maritimt Kompetansesenter om forskning og vidareutvikling av den maritime og marine næringa. Nye Ålesund legg opp til eit samarbeid og ei satsing her.

I konkretiseringa av Intensjonsavtalen står det: Det er viktig å utnytte Sandøy kommune sin strategiske posisjon på kysten og etablerte næringskluster for t.d. turisme, maritim, marin og energinæring. Havrommet skal utviklast som ei større strategisk næring der fagmiljø for havrommet og vindenergi etablerast i Sandøy, i nært samarbeid med forskningsinstitusjonar.

Som eksempel kan vi nemne at Sandøy kommune allereie er med i eit pilotprosjekt for å lage marine grunnkart saman med kommunane sør for oss. Prosjektet er også ein del av nye Ålesund. Det er Runde Miljøsentor som koordinerer prosjektet. Prosjektet er viktig for å kunne forvalte kyst- og havområda best mogleg, gje god kunnskap om moglege kulturhistoriske verneområde, kunnskap til bruk i beredskapsformål og næringsformål.

## Utbyggingsmønster

Oversikt over reguleringsplaner på Sandøya, Ona, Husøya og Seterøya:

Regulering Seterøya	12.06.2014	<a href="#">Kart</a>	<a href="#">Føresegner</a>	15462014001
Regulering Hytteområde Hamnevågen gbnr 3/12,263	26.05.2016	<a href="#">Kart</a>	<a href="#">Føresegner</a>	2015002
Sjåberget småbåthamn på Sandøya	12.06.2014	<a href="#">Kart</a>	<a href="#">Føresegner</a>	15462014002
Ona/Husøy	20.02.1997	<a href="#">Kart Ona -kart Husøy</a>	<a href="#">Føresegner</a>	15461997001
Endring Husøyvågen og kringliggende areal m/føres.	23.09.2009	<a href="#">Kart</a> <a href="#">Teiknforklaring</a>	<a href="#">Føresegner</a>	15461997001-01
Endring Husøya - område for fritidsbustader	20.10.2011	<a href="#">Kart</a>	<a href="#">Reg.bestemmelsar</a> <a href="#">Planbeskrivelse</a>	15462011001
Endring Ona/Husøy - Husøy felt 3	20.12.2010	<a href="#">Kart</a>	<a href="#">Føresegner</a>	15462010003
Regulering Pe-hamna på Husøya	23.04.2015	<a href="#">Kart</a>	<a href="#">Føresegner</a>	2015005
Regulering Sandøy plastindustri gbnr 3/181	30.11.2017			2016005
Regulering område for fritidsbustader i Hamnevågen på Sandøya gbnr 3/176	Varsel om oppstart			

## **Reisetid og pendling**

Dagens rutetilbud viser følgende:

- Frå Ona til Småge er reisetida 1 time og 40 minutt. Frå Ona til Finnøya er reisetida knapt 40 minutt.
- Frå Sandøya til Småge er reisetida vel 40 minutt. Frå Sandøya til Finnøya knapt 15 minutt.
- Frå Orta til Småge er reisetida 20 minutt, Frå Orta til Finnøya 25 minutt.

Frå fergekai til sentrum i kommunene/sentrale servicefunksjonar er det om lag like langt.

Øyane vil, med unntak for Orta, har kortare reisetid til sentrale servicefunksjonar i Sandøy kommune enn til Aukra kommune. Dette vil også bli tilfelle i nye Ålesund. Ei eventuell omlegging av fergeruta vil kunne endre noko på dette. Den fysiske avstanden frå Ona/Husøya og Sandøya er uansett kortast til Finnøya.

Fylkesstatistikk 2017 viser at det er hovudvekt av pendling ut av kommunen sørover: 25 reiser sørover, 18 nordover, derav 22 til Ålesund/Haram og 16 til Molde/Aukra. Det er også hovudvekt av pendling inn til kommunen frå sør: 51 kjem frå sør, 23 frå nord, derav 32 frå Ålesund/Haram, og 8 frå Molde/Aukra.

Viktigast vil her vere inn- og utpendling frå område som er aktuelt for grensejustering.

Slik vi kjenner til det, er det fleire som pendlar til Finnøy/Harøy enn til Aukra.

- Mellom 5 -10 til Finnøy/Harøy
- Under 5 til Aukra/Molde

## **Anna**

Overordna økonomiske effektar, dvs effekt på frie inntekter:

- Effekten av 67 færre personar fordelt på aktuelle aldersgrupper gir om lag 1 mill. kroner i mindre frie inntekter. (Folketalet er truleg noko lågare i dag.)

Utligna skatt (jf. effekt av inntektssystemet):

- Effekten av bortfall av skatteinntekter er beregna til 0,6 mill. kroner. (usikkert anslag)

Sandøy kommune fekk om lag 330 000 kroner i eigendomsskatt frå øyene i 2017.

Det blir også tapt inntekstkilde frå havbruksfondet. I 2017 var det 43 000 kroner.

vadl 1995

# Sandøy, Ona/Husøy og Orten

# Sandøy, Ona/Husøy og Orten

## Innledning til telefonundersøkelsen:

- God dag/kveld. Mitt namn er NN. Eg ringer på vegne av Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Kommunal- og moderniseringsdepartementet har bedt Fylkesmannen om å utgreie ein søknad om grensejustering for øyane Sandøy, Ona/Husøy og Orten over til Aukra kommune. I samband med dette ynskjer Fylkesmannen å høyre kva innbyggjarane meiner. Du vil få eit spørsmål som inneheld 3 svaralternativ, men først vil vi opplyse følgande:
- Kommunane Sandøy, Haram, Ålesund, Skodje og Ørskog slår seg saman til nye Ålesund kommune frå 1.1.2020.
- Ei eventuell grensejustering vil gjelde frå 1.1.2020.


## Svar:

- Bruttoutvalg: 55
- Antall svar: 53
- Svarprosent: 96%

## **Kjønn**



## **Alder**




Desimalavrunding gjør at sum kan bli 99% eller 101%

# Sandøy, Ona/Husøy og Orten

Kva kommune meiner du at Sandøy, Ona/Husøy og Orten skal høyre til i framtida?

Base: n=53



	Mann	Kvinne
Base	22	31
1	18%	10%
2	77%	90%
3	5%	

Små baser gjør at vi ikke inkluderer aldersgrupper.

Konfidensintervall/feilmargin på totalnivå (n=53)\*:

- 1: +/- 1,7 prosentpoeng (11,3 % - 14,7 %)
- 2: +/- 1,8 prosentpoeng (83,2 % - 86,8 %)
- 3: +/- 0,7 prosentpoeng (1,3 % - 2,7 %)

\* 95 % signifikansnivå. Et konfidensintervall er en måte å angi feilmarginen av en måling eller en beregning på. Det angir intervallet som med en spesifisert sannsynlighet inneholder den sanne (men vanligvis ukjente) verdien av variabelen man har målt.

Desimalavrunding gjør at sum kan bli 99% eller 101%

Fra: Oddgeir Viken[oddgeir.viken@gmail.com] Dato: 10. jan 2018 10.36.00 Til: Vigdis Rotlid Vestad Tittel: Fwd: Ad Grensejustering

Hei.

Videresender dette til deg, håper du får hele dialogen .

Veit ikkje korleis de må handtere ein slik henvendelse når det gjeld journalføring /offentlig postjournal etc.

Synes i alle fall at de kan være orientert om at det blir påpekt fakatfeil.

Mvh Oddgeir

----- Videre sendt melding -----

Fra: "Tove Mari Knobelauch" <tove.mari.k@hotmail.no>

Dato: 9. jan. 2018 23:45

Emne: Ad Grensejustering

Til: "oddgeir.viken@gmail.com" <oddgeir.viken@gmail.com>

Kopi:

Må bare kommentere en direkte feil i brevet fra Sandøy og Nye Å...lesund kommune. Det står at ved driftstans blir åyvon brukt til å frakte skolebarna fra Sandøy, ya....Det har dei nektet å gjere hver eneste gang. Vi har selv måttet ringe Stårk. Hver gang jeg har sagt at de får sende åyvon har jeg fått klar beskjed om at det ikke blir aktuelt fordi det er for dyrt. De mente at ungene da heller måtte bli hjemme. Og det hadde de vel også hadde ikke Evy ringt Stårk for at hun skulle på jobb!  
Kjenner jeg blir en smule irritert ðŸ™”

Mvh

Tove Mari, fastboende på Sandøy, ya med to skolebarn i 6.klasse.



Vedlegg 6 b

Fra: Oddbjørn Drege[oddbjorn.drege@gmail.com] Dato: 10. jan 2018 17.09.10 Til: Fylkesmannen i Møre og Romsdal Tittel: GRENSEJUSTERING I SANDØY KOMMUNE

Jeg viser til at Fylkesmannen skal gjennomføre innbyggerundersøkelse om denne justeringen. Det er ikke sagt om dette bare gjelder fastboende eller om det omfatter de med fritidsbolig på en av øyene som det er aktuelt å overføre til Aukra kommune.

Jeg er en av 8 søskenbarn som eier fritidsbolig på Sandøy (GNR. 3, BRN. 55) i sameie. Dette er eiendom arvet etter besteforeldre.

Opp gjennom årene har jeg sett at Sandøy kommune i realiteten er Harøy. De andre øyene synes å ha liten interesse for kommunepolitikere.

For noen år siden var det fra interesser på Sandøy arbeidet med en reguleringsplan for hyttetomter. (ca. 40 tomter) Jeg kjenner ikke alle detaljer, men forsto at motstand møttes bl. a. fra Statens havnevesen. Sandøy kommune viste ingen interesse for å hjelpe prosjektet fram, på tross av interesse fra tomtekjøpere. Dette var et prosjekt som ville gitt kommunale inntekter og handel til butikken. (Jeg hadde ikke interesser i prosjektet)

Jeg har også i alle de årene vi har hatt sameiet ikke hørt noe om feiing. Vi har ikke hatt fungerende ildsted før nå i høst, men det vet ikke kommunen. Så jeg stiller spørsmålet om hvem som får tilbud om feiing i kommunen.

Jeg forstår at Aukra kommune gjerne tar over disse øyene og støtter grensejusteringen.

Oddbjørn Drege  
Vindharpevegen 15  
5237 Rådal

90735021

Fra: Vigdis Rotlid Vestad[fmmrvive@fylkesmannen.no]  
Dato: 12. jan 2018 07.46.00  
Til: 'Odd Arve Orten'  
Kopi: 'Oddgeir Viken'  
Tittel: SV: Mogleg grensejustering i Sandøy kommune

---

Sak 2017/6248 – Søknad om grensejustering for øyane Sandøy, Ona/Husøy og Orten

Hei  
Takk for motteke informasjon. Vi legg det til saka.

Med vennlig hilsen

**Vigdis Rotlid Vestad**  
Seniorrådgivar  
Innovasjon og samordning

Fylkesmannen i Møre og Romsdal  
Fylkeshuset, 6404 Molde  
Tlf: 71 25 84 47, mobil 99 15 85 49  
E-post: [vigdis.rotlid.vestad@fylkesmannen.no](mailto:vigdis.rotlid.vestad@fylkesmannen.no)  
Web: [www.fylkesmannen.no/mr](http://www.fylkesmannen.no/mr)

**Fra:** Odd Arve Orten [mailto:oddarveorten@gmail.com]  
**Sendt:** torsdag 11. januar 2018 22.49  
**Til:** Vigdis Rotlid Vestad <fmmrvive@fylkesmannen.no>; Oddgeir Viken <oddgeir.viken@gmail.com>  
**Emne:** Mogleg grensejustering i Sandøy kommune

Ser at det står litt om arbeidspendling til og frå øyane Ona, Sandøy og Orten.  
Eg vil komme med litt tilleggsfakta.  
Eg bur på Orten og har dreve eit enkeltmannsforetak som tømrar sidan 2002. Eg er heilt avhengig av å pendle.  
Pendlar både innan Sandøy kommune  
og til nabokommunane. Dei dagane eg er morgonfrisk tek eg første ferga kl 6.25 Arbeider eg på Aukra kan eg start  
opp kl 7.00. Arbeider eg i Molde kan eg starte kl 8.00.  
Og arbeider eg på Finnøya kan eg starte opp kl 8.30.  
Når eg skal heim må eg slutte kl 17.45 på Aukra, kl 17.15 i Molde og kl 16.00 på Finnøya.  
Eg får med andre ord ein 3 timar lengre arbeidsdag på Aukra, og ein 1,5 time lengre dag i Molde enn om eg  
arbeider i heimkommunen min.

Dette gjeld dagens fergeruter til/frå Orten.

Helsing  
Odd Arve Orten

Sal 2017/6248

innlevert 22.02.2018.  
fra Oddvar Myklebust

vedlegg 6

d

05.09.2016 – justert inn Haram 25.10.2017

Grensejustering mellom Sandøy og Aukra

Kommentar til viktigaste grunnane til søknad.

Nøkkeldata og grunnar til grensejustering:

Søknaden skal innehalde:

- Opplysninger om folketal
- Areal
- Geografi
- Reiseavstander ( til kommunesenteret )
- Kommunikasjonsforhold
- Andre forhold som kan vere viktige er demografiske utviklingstrekk. Her er det snakk om ei befolkning som stort sett består av pensjonister.  
Stor etterspurnad etter omsorgsboliger på Harøya, folk føler seg usikker når dei kjem opp i åra.
- Flytteaktivitet. Eldre vil til Harøya
- Pendling ( internt og mellom kommunane ) Arbeidsmessig er det ingen som pendler til Aukra fast.
- Næringsstruktur. Classic Norway ( Ona- Finnøya. Flatflesa ved Runar
- Tenestetilbodet. ( bruk i dag og ved ei eventuell grensejustering ) Lege, heimehjelp, lege, heimesjukepleie, omsorg, sjukeheim, ambulansébåten Øyvon
- Her vil alle tjenester opphøre ved grensejustering.
  
- Anna infrastruktur:  
Vannforsyning, vil bli betrakteleg bedre ved ferdig høgdebasseng våren 2018.  
Gjelder både vasstrykk og brannberedskap  
Strømnettet, Sandøy Energi  
Vann og nettleige er supsidert av innbyggerne på Harøya og Finnøya

Kommentar til dei fire kulepunkta side 1

- Det er feil som søker hevder i kulepunkt 1 at øyane er mest retta mot Aukra når det gjelder tjenester og leveransar til næringsliv og private.  
Underteikna har sjølv ei bedrift som leverer tjenester innan sal av trelast og byggevarer og veit såleis kor mykje vi leverer til øyane.

Dessutan er ikkje dette eit argument som kan brukast i ei grensejustering da dette fungerer som det gjer i dag og vil fungere på same måte om Harøy og Finnøya går saman med Ålesund.

- Kortast til Molde hevder søker.  
Reisetid Ona – Finnøya (Harøya) 40 minutt  
Reisetid Sandøya – Finnøya 20 minutt  
Reisetid Orta – Finnøya 25 minutt  
Reisetid Ona – Småge 90 minutt  
Reisetid Sandøya – Småge 70 minutt  
Reisetid Orta – Småge 25 minutt  
I tillegg kjem buss frå Finnøya til Steinshamn eller buss frå Småge til Falkhytten på Gossen  
Dette er heller ikkje eit argument for deling av Sandøy kommune.  
Vi reiser i dag som vi vil. Enten det er til Molde eller Ålesund.  
Reisevaner vil i framtida være personbestemt som i dag.  
Om søker meiner at reisetida til Ålesund har med rådhusfunksjonen å gjære så er dette ikkje eit argument all den dag rådhusfunksjonen som i dag er på Steinshamn i Sandøy kommune skal fortsette som no, dette ligg i intensjonsavtalen.
- Alltid vore knytt til Romsdal  
Det er ingen som nektar øyane å ha kulturelt samkvem med Romsdal, dette kan halde fram som no.  
Det er fritt fram å reise på kulturelle tilstellingar dit ein vil.  
Språk kan ingen ta frå deg, heller ikkje kultur og tradisjonar.  
Dette kulepunktet er ikkje argument for grensejustering all den dag argumentasjonen her ikkje endrar folket på øyane sine muligheiter å gjære som dei vil om Sandøy kommune vert ein del av Ålesund.
- Geografisk er øyane ein del av Romsdalskysten.  
Dette er rett, gjelder også Harøy og Finnøya.  
Heile noverande Sandøy kommune vil også i framtida bli ein del av Romsdalskysten.  
Dette kulepunktet er ikkje argument for å dele frå øyane til Aukra kommune.

Ein sluttkommentar til dei fire kulepunkta som dannar grunnlaget for søknaden.

Det er ikkje eit einaste av desse punkta som dannar grunnlag for grensejustering.  
Her er det kun personlige følelse og ikkje faglige argument i tjenester og tjenestenivå som ligg til grunn.  
Tjenester som Sandøy kommune yter til øyane i dag vil ikkje bli svekka når Sandøy vert del av nye Ålesund, tvert i mot har vi all grunn til å hevde at tjenestene vil bli bedre.

Søker har også på ein forunderlig måte med vilje unnlatt å ta med resten av Sandøy kommune sine innbyggere og deira standpunkt.  
Det er langt fleire innbyggere på Finnøya som har kjensler for øyane, og da spesielt Sandøya.

Finnøya har mange innbyggere som er født på Sandøya og som har sine foreldre gravlagt på kirkegården på Sandøya og som har sterke bånd til kirka på Sandøya.

Sandøy kirke er kvart år brukt til konfirmasjon av innbyggerne på Finnøya og Harøya.

Barnedåper vert også gjennomført kvart år av foreldre som har tilhørighet frå heile Sandøy kommune

Det vil være heilt feil om innbyggerne på Finnøya og Harøya skal utelatast frå å ha meininger om grensejusteringa.

Innbyggerundersøkinga viste at 75 % av innbyggerne i Sandøy kommune gikk i mot grensejustering, dette viser at også Finnøya og Harøya har sin kjensler for øyane.

Side 2 i søknaden.

- Tjenester og handel

Dette er ikkje argument for grensejustering, handel kan foregå på samme måte som i dag sjølv om vi vært ein del av nye Ålesund kommune.

Ein liten kommentar i parantes. ( mjelka frå desse bruka vert levert til meieriet i Ålesund)

- Kommunikasjon.

Reisemønster er ikkje argument for grensejustering.

Rute 32 vil fortsette som før, Sandøy kommune har alltid vore ein pådrivar for denne ferja og vil fortsatt være det. Rute 32 er viktig også for Finnøya og Harøya, det er mange som har Molde som sin by, det vil det også være ved nye Ålesund.

Intensjonsavtalen tar for seg kollektivsatsing og det skal utarbeidast ein milepelsplan der også rute 32 vert ein del av planen.

Det er misvisande og direkte feil som søker hevder at rute 32 vil ha meir forståing og støtte for kollektivtilbodet om øyane vert ein del av Aukra, resultatet kan kanskje bli motsatt.

For å illustrere dette så kan ordførar orientere om at i min periode som ordførar 2007 - 2011 var fokus på rute 32 retta mot endring av rutetidene på ruta Aukra /Hollingsholm.

Dette gikk på å endra avgang frå Aukra med 5 min. så reisande på rute 32 slapp å vente i 20 minutt til neste avgang. Dette vart avvist gang på gang og vart aldri ein realitet, rutetidene er slik i dag også. Det er ingen vilje til å hjelpe folket i Sandøy med kollektivtrafikken frå Aukra.

Reisetid til Steinshamn i Sandøy er vesentlig kortare frå Ona og Sandøy enn til Aukra.

Dette vil ha stor betydning for besøkande til lege, tannlege og rådhusfunksjoner.

Vil også gjelde helsesøster, jordmor og eventuelle barn i skulepliktig alder og barnehage.

- Det er feil som søker hevder at legevaktsamarbeidet vil bli nedlagt som følge av kommunereforma.

Vert det endringer her så er det av andre årsaker. Her kan det nevntast at Midsund kommune har planer om beredskapsferje, vert dette ein realitet så må legevaktordninga sjåast på.

Transport av pasienter vil ikkje bli berørt om Sandøy kommune blir del av nye Ålesund kommune.

Transport av pasienter vil måtte foregå på båt som i dag, pasienten kjem fram til sjukehus enten det er Aukra som har denne tjenesten eller nye Ålesund.

Dette er ikkje eit argument for grensejustering.

- Pleie og omsorg

Det er feil som søker hevder at det er kortare reisetid for pårørande.

Ein stor del av dei som i dag nyttar sjukeheimen og omsorgsboliger på Steinshamn frå øyane har sine pårørande på øyane og på Harøya. Det vil dermed bli lenger reisetid for pårørande med sine pleietrengande på Aukra.

- Sjukehus

Det er fritt sjukehusvalg i Norge.

Sandøy kommune har i dag Ålesund som primærsjukehus, men Molde kan nyttast som søker skriv.

Det er legen som bestemmer i kritiske øyeblikk etter vurdering av sjukdomsbilde.

Ein skal heller ikkje gløyme at når sjukehuset på Hjelset står ferdig så vil reisetida auke med 15 – 20 minutt.

Molde sjukehus vil også i framtida bli øyane sitt sjukehus uansett kommunegrenser.

Ser ikkje dette som argument for grensejustering.

- Brannberedskap

Her vert det inga endring uansett kommunegrenser.

Sandøy kommune har sin brannberedskap, med nye Ålesund vil kompetansen bli styrka.

Sandøy kommune har samarbeid med Molde Brannvesen, dette samarbeidet vil også i framtida bli handtert på same måte når det gjelder øyane. Dette er svært viktig med tanke på Ona og Husøya med den spesielle bygningsmassen som er her.

Sandøy kommune har i dag godt kjennskap til øyane og beredskapsbehov både på brann og vatn.

Brannberedskap er ikkje argument for grensejustering.

- Romsdal Interkommunale utval mot akutt forurensing- RIUA – vil fortsette som før.

Det vil bli oppretta samarbeid med utvalet for Sunnmøre

- Tilhørigheit og identitet.

Ser ikkje dette som argument for grensejustering.

Eit livsktaftig samfunn med samspelet som søker beskriv vert ikkje endra med at Sandøy vert del av nye Ålesund.

Kva del av landet personar med tilhørigheit til småøyane bor i vil ikkje ha påverknad om dei bygger seg hytte på Ona eller Sandøya.

Veit positivt at det er mange frå Sunnmøre som har feriehus på Ona og Sandøya, så her bommar søker med sine argument og forsøker å lage seg argument ved direkte misvisande påstander.

- Land og sjøområder

Viser til innsendt kart.

Dette er heilt uakseptabelt og viser søker sine reelle hensikter med søknaden.

Sjøområde er og blir det viktigaste område i framtida.

Sjøområdet er ein viktig del av intensjonsavtalen i nye Ålesund og det vil ikkje bli akseptert verken av Sandøy, Haram, Skodje eller Ålesund at søknaden om grensejustering vert velsigna av fylkesmann og departement.

- Øyane sin konklusjon.

Det er 4,42 % av befolkninga i Sandøy kommune som no søker om grensejustering,

Ei grensejustering som omfatter over 40% av Sandøy kommune sitt land og sjøområde.

Dette viser at grensejustering ikkje er noko innbyggerne i Sandøy ynskjer, noko som også innbyggjarundersøkinga viser.

Sandøy kommune går ut frå at fylkesmannen tar Sandøy kommune sitt kommunestyre vedtak til etterretning og avviser omsøkt grensejustering.

Ordførar ser ikkje at eit einaste av søker sine argument kan danne grunnlag for grensejustering.

Ordførar konkluderer også med at søker ikkje har bokført negative argument på tenester som Sandøy kommune gir på alle område på øyane.

Dette viser også at grensejustering ikkje vil gi innbyggerne på øyane eit betre teneste nivå om søknaden vert godkjent.

Ordførar vil også peike på rapporten som er utarbeidd av Nordplan, konklusjonen her er tydeleg og ikkje til å misforstå.

Konklusjonen i rapporten seier at bortsett frå Orta har ingen av øyane fordeler av ei grensejustering. For Orta sin del er den positive sida reisetida til Aukra, men det må her bemerkast at innspart tid frå Orta kun er 5 minutt.

Ordførar og Sandøy kommunevil aldri godta ei grensejustering som omsøkt.

Forhandlingar om intensjonsavtalen som Sandøy, Skodje, Ålesund og Haram arbeidde med og som hittil har resultert i nye Ålesund kommune der Sandøy, Haram, Skodje og Ålesund er med arbeidde mykje med havrommet der det vart poengtert at sjøområde og alle øyane i Sandøy kommune var viktig for framtida.

Sandøy kommune har i dag eit anlegg for lakseoppdrett som gir inntekt til Sandøy gjennom havbruksfondet, dette er inntekter vi ikkje ser for oss å gi til Aukra kommune som har meir enn nok frå før.

Dette gjelder både satsing på bruk av havrommet og reiseliv.

På området reiseliv har vi mykje å hente Sandøy vert ein del av nye Ålesund.

Oddvar Myklebust

Ordførar i Sandøy



## Skal vi skiljast?

**Nokre innbyggjarar ønsker at grensene til Sandøy kommune blir justerte slik at Ona/Husøy, Sandøy og Orta, og andre omkringliggende øyer går til Aukra, og ikkje til nye Ålesund.**

### Men kva skjer egentleg då?

Sandøy er ein godt fungerande kommune mellom øyene. Vi har felles kulturell ståstad og veit å ta vare på kvarandre. Undersøkingar viser at fleirtalet av innbyggjarane er fornøgde med dei kommunale tilboda. Sandøy er ein liten kommune, og det blir vanskeleg i framtida å oppretthalde tenestetilbodet utan å vere del av ein større kommune. Eit fleirtal av innbyggjarane ønska ei kommunesamanslåing. Eit mindretal ville til Aukra, og eit fleital til nye Ålesund. Kommunestyret valde å følge fleirtalet.

Det er eit val ikkje alle liker - for er vi ikkje egentleg romsdalingar? Ligg vi ikkje geografisk plassert på Romsdalskysten og har ei kulturell og historisk tilknytning til Romsdal?

Sjølvsagt er vi romsdalingar – og sunnmøringar. Geografisk vil vi framleis ligge på Romsdalskysten, vi vil framleis ha vår kultur og vere ein del av Romsdalsmuseet, men vi har også bindingar sørover. Når vi snakkar om historie; Å miste landemerket Ona fyr, vil vere eit stort tap for Sandøy kommune. Ona fyr er eit samlande symbol og det mest kjente landemerket i kommunen. Ona og fyret vil vere ein hjørnepilar i nye Ålesund, ein viktig merkestein som fører kystkulturen vidare i den nye kommunen.

Men grensejusteringa i Sandøy handlar ikkje berre om historia vår, den handlar også om tenestene som kommunen gir.

Kommunereforma skal sjå framover på dei tenestebehova innbyggjarane vil få. Gjennom nye Ålesund blir dei tilsette i Sandøy ein del av eit større fagmiljø enn det Aukra kan tilby. Spesialiserte teneste vil vere tilgjengelege, og dei kommunale tenestene og arbeidsplassane vil framleis vere nær brukarane.

I nye Ålesund vil Steinshamn framleis ha tilbod om jordmor, helsestasjon, lege, heimeteneste, omsorgsbustader med og utan heildøgnspleie, sjukeheim, rådhusfunksjonar og andre tenester.

Skule, barnehage og SFO skal vere på Huse som no. Om øyene som søker seg ut blir ein del av Aukra, må innbyggjarane forhalde seg til dei tenestene som Aukra leverer. Øyene har i dag kortare reisetid til nye Ålesund kommune (Finnøya) enn til Aukra kommune (Småge). Men det vil framleis vere lengre å reise til Ålesund sentrum enn til Molde sentrum. Dagens rutetilbod viser at øyene, med unntak av Orta, vil ha betydeleg kortare reisetid til alle servicefunksjonar ved å bli ein del av nye Ålesund.

Sandøy ønsker å ha gode samband til begge byane, og det er viktig for kommunen å fortsette arbeidet med å oppretthalde og forbetre kontakten både sørover og nordover.



Mange er redde for at Sandøy blir ein utkant i nye Ålesund og mister moglegheitene til å påverke. Dette er ein ulempe eller ein fare med større kommunar. Nye Ålesund legg opp til ei ordning med kommunedelsutval, der innbyggjarmedverknad blir sentralt. Dette, saman med aktive innbyggjarar og eit aktivt næringsliv, vil legge til rette for utvikling av Sandøysamfunnet og gjere at Sandøy får ei viktig stemme inn i den nye kommunen.

Om Sandøy mister dei tre bebudde øyene og dei andre omliggande øyene, omtattar dette også store havområde. Nye Ålesund ønskjer nye løysingar og ei berekraftig utvikling gjennom det grønne skiftet. Nye Ålesund samarbeider med NTNU. Universitetet har det grønne skiftet som gjennomgangstone og samarbeider med det innovative miljøet ved Norsk Maritimt Kompetansesenter om forskning og vidareutvikling av den maritime og marine næringa.

I konkretiseringa av Intensjonsavtalen står det: Det er viktig å utnytte kommunen sin strategiske posisjon på kysten og etablerte næringskluster for t.d. turisme, maritim, marin og energinæring. Havrommet skal utviklast som ei større strategisk næring der fagmiljø for havrommet og vindenergi etablerast i Sandøy, i nært samarbeid med forskningsinstitusjonar. Tør vi håpe på at Sandøy kan utvikle seg til å bli eit marint senter i den nye kommunen, med arbeidsplassar som gir tilflytting?

Det er forståeleg at ikkje alle er einige i vala som er gjort. Slik vil det alltid vere i eit demokrati. Manntalet hausten 2017 viste at øyene har 53 innbyggjarar, i tillegg er det 4 born – rundt 4,5 % av Sandøy kommunes befolkning. Fleire av dei som ønsker grensejustering, bur ikkje i Sandøy kommune, men har feriehus her. 75 % av innbyggjarane i Sandøy gjekk mot grensejustering i ei innbyggjarundersøking. Det er eit klart fleirtal.

Den moglege grensejusteringa omfattar rundt 4,5 % av innbyggjarane i Sandøy kommune, men over 40 % av arealet (landareal/havområde).

For resten av Sandøy kommune vil det vere eit tap å miste desse øyene, og tapet vil også kunne svekke grunnlaget for vidare utvikling av tenestetilbodet på Steinshamn. Og - kanskje viktigast av alt: Vi ønsker å vidareføre det gode samhaldet mellom øyene som er bygd opp gjennom mange år. Vi har mange ressursar å ta med inn i den nye kommunen, og saman vil vi kunne få til meir.

Oddvar Myklebust

Ordførar i Sandøy kommune

vedlegg 6 f

Fra: Werner Solberg[werner@urptir.no]

Dato: 10. jan 2018 21.03.27

Til: Tips Rbnett Romsdals Budstikke; Brevik, Frida Farstad; bernhard.riksfjord@aukra.kommune.no

Tittel: Brev

---

Godt nyttår!

Vedlagt kopi av udatert personlig brev fra Oddvar Myklebust poststemplet 8/1 og mottatt 10/1-18.

Brevet var lagt i frankert konvolutt og navn og adresse på mottaker påført i blokkbokstaver med kulepenn - altså håndskrevet hvilket antyder at dette bare er til et fåtall utvalgte mottakere, og ikke masseutsendelse til kommunenes samtlige 1.200 innbyggere. Like fullt er brevet offentlig fra ordføreren personlig da alle kommunens logoer, adresser, portostempel og underskrift bekrefter dette. Hvilket kriterie som er brukt for å sende til meg og ikke alle andre er uvisst og blir heller ikke forklart.

Dette til orientering.

Med vennlig hilsen

Werner Solberg

6486 Orten

Fra: Werner Solberg[werner@urptir.no]

Dato: 13. jan 2018 22.50.25

Til: Tips Rbnett Romsdals Budstikke; Oddgeir Viken; Sandøy Kommune; bernhard.riksfjord@aukra.kommune.no; Brevik, Frida Farstad

Tittel: Fwd: Ordføreren

---

Lørdagens "kronikk" i RB av Oddvar Myklebust er ingen kronikk i det hele tatt:

Den er en direkte avskrift av et udatert personlig brev til undertegnede fra Ordfører Oddvar Myklebust i Sandøy kommune, poststempelt 8/1 kr. 14 i porto og mottatt 10/1-18. Kopi av brevet er oversendt tidligere.

Jeg sendte brevet i retur med påskriften "nektet mottatt: barnslig, upassende og patetisk". Men kanskje jeg egentlig skulle ha sendt det til politiet sammen med en anmeldelse for trakassering, trusler og personforfølgning? Jeg mener, konvolutten var håndskrevet til meg personlig. Altså er det tydelig at ikke samtlige ca 1.000 voksne innbyggere i kommunen har mottatt brevet, til tross for at det er offentlig og underskrevet av ordføreren i Sandøy. At det samme brev 13/1 blir offentliggjort i avisen, nå under dekke av å være en kronikk, forsterker nettopp dette: Hadde det bare stått i avisen, ville det vært en helt legal offentlig meningsuttalelse fra ordføreren. Men at han i forkant sender det som brev til utvalgte innbyggere.... DET er personforfølgelse og trakassering og svært lite verdig en ordfører. Jeg misliker sterkt å få ordføreren's brev til meg personlig gjengitt i avisen som en kronikk.

Skulle likt å vite hva som var kriteriet for å sende det til utvalgte enkeltpersoner i tillegg til "kronikken". Var det fordi vi har bostedsadresse på de kranglete og vanskelige småøyene? I så tilfelle skulle det vært artig å vite om de få som er FOR Ålesund på småøyene også har fått dette brevet. Hvis ikke så bærer jo utvelgelsen enda mer preg av personforfølgelse. En vesentlig forskjell er hva ordføreren skriver generelt i avisen - som kan kommenteres og imøtegås og avvises offentlig av alle, og hva han i brev form sender ut til utvalgte personer. Akkurat DER har vi beviset for trakassering, trusler og personforfølgelse. Han sikrer seg på denne måten at de det personlig gjelder får lese denne teksten, også de som ikke leser avisen. Da blir det personlig rettet, og er ikke lenger bare et generelt debattinnlegg. Jeg føler meg sterkt krenket og utsatt for utilbørlig og uønsket press. Jeg har jo aldri uttalt meg om denne saken tidligere i det hele tatt, så hvorfor plage meg? Og hvorfor spørre meg personlig om vi skal skilles? Vi er jo ikke, har aldri vært, og kommer heller ikke noen gang til å giftes selv om likekjønnet ekteskap etter det nye lovverket nå er tillatt!

Brevet inneholder jo også en del trusler om hva som skjer hvis vi ikke følger med til Ålesund. Men ca. 88% av brevet inneholder glansbildefremstilling, faktafeil og løgner - ikke minst om alternative kommuners manglende kapasiteter. Jeg konstaterer bare at samtlige kommunale tilbud konsekvent er blitt redusert eller sanert på Ona, Sandøya og Orten i løpet av de 22 årene jeg har bodd her, så hva kan egentlig bli verre?

Konkret og aktuelt kan nevnes: ambulansekaia Orten. Denne er til "reparasjon" på uvisst tid hos Myklebust Trevare. Den holdt i 20 år før stormen knakk et rustent leddfeste. Festet ble byttet, reparert og forsterket for NYE 20 ÅR, men så gikk det hull på en pontong. Plastpontonger av standard utførelse brukt på de fleste brygger i Romsdal ryker selvsagt fra tid til annen. Enkle å bytte, billige, intet vedlikehold. Likevel ble det da plutselig sagt at ambulansekaia var elendig bygd og hinsides en hver redning (merkelig at man en gang i tiden i det hele tatt godtok anbudet da...?) - den samme kaia som holdt i 20 år (!!!!) og 3 måneder tidligere var reparert og forsterket og

montert og hadde nytt godkjentstempel.....

Manglende operativ infrastruktur er allerede anmeldt til Fylkesmannen og AMK. Ved båretransport er det nå tvingende nødvendig med dyr helikoptertransport siden ambulanseskaia mangler. Dette medfører også unødvendig redusering i annen utrykningskapasitet mens båretransport pågår.

Selvsagt dukket diskusjonen om grensejustering opp i mellomtiden, så da er det vel helt naturlig at vi straffes med manglende kai - antagelig helt frem til 2020. Glimrende anledning å "spare" utgifter til påbudt infrastruktur, i tilfelle noen andre overtar ansvaret om 2 år. Men ordføreren tror tydeligvis at han allerede nå kan begynne å redusere tilbudene på øyene? Vet han ikke at han og de andre er valgt for HELE PERIODEN - helt fram til 2020?? Så da skal Sandøy kommune driftes som planlagt med samtlige øyer og innbyggere inkludert helt fram til denne dato, totalt uavhengig av veien videre. Det er i hvert fall slik kommuneloven (for de som følger den) krever av de folkevalgte representantene og partiene.

Enda mer aktuelt: Kommunestyrerepresentanter fra småøyene blir allerede nå holdt utenfor utvalg og komiteer fordi de ikke skal få anledning til å bestemme noe om "det nye Sandøy" eller påvirke den fremdriften negativt. Men her gjelder: Representantene er valgt på vesentlig flere stemmer enn bare de fra småøyene. Faktisk er det størsteparten av velgerne på Harøya og Finnøya som ikke blir tilgodesett med korrekte demokratiske fremgangsmåter, siden deres representanter nå nektes deltagelse. Dette er ikke bare en håpløs situasjon for representantene og partiene det gjelder, det er også både ulovlig og på grensen til diktatur. Demokrati er det i hvert fall ikke!

Det man ikke har klart på over 20 år er faktisk praktisk umulig å gjennomføre bare ved å skrive et ynkelig og løgnaktig glansbildebrev. Jeg visste ikke at en slik personlig pågang mot utvalgte innbyggere var et mandat tilhørende ordførervervet. Det sammenfaller da heller ikke med ordførerens hovedoppgave: å være representant for ALLE innbyggerne i kommunen. Et slikt brev er i høyeste grad både trakasserende, upassende, patetisk og absolutt ikke en ordfører verdig. Jeg vil for all fremtid ha meg frabedt å få slike offentlige personlige brev tilsendt bare fordi jeg ANTAKELIG har en annen oppfatning enn ordføreren.

Alt dette er kjennsgjerninger gode nok til at hvis jeg var i tvil før, er jeg etter mottak av skilsmissebrevet/trusselbrevet i hvert fall helt sikker på at vi ikke bare bør, men faktisk er nødt til å skilles! Ellers risikerer vi bare at de kommer og tar fra oss asfalten også..... vent nå litt; vi har jo ikke asfalt på Orten. puh!

Ærbødigst  
Werner Solberg  
6486 Orten

Fra: Werner Solberg[werner@urptir.no]

Dato: 16. jan 2018 18.05.26

Til: Tips Rbnett Romsdals Budstikke; Oddgeir Viken; Sandøy Kommune; bernhard.riksfjord@aukra.kommune.no; Brevik, Frida Farstad

Tittel: Fwd: ditt skriv til ordfører

---

Jeg viser til min e-mail av 13/1-2018 kl. 22:50 og ber Dem vennligst notere følgende presisering og korrigerings:

Jeg bekrefter herved at min klage på manglende ambulansetai på Orten, i følge nedenstående ønske om korrigerings og presisering fra Oddvar Myklebust, altså er en klage som gjelder Oddvar Myklebust, ordfører i Sandøy kommune, og IKKE Oddvar Myklebust, Myklebust Trevare AS. Jeg beklager at det på grunn av enkeltpersoner i flere roller her har skjedd en sammenblanding av ansvar og handling/mangel på handling.

Tekst ut over dette er ikke ønsket korrigerings hvorfor øvrige kilder og henvisninger må anses som akseptert.

Orten, 16/1-2018

Werner Solberg sign.

----- Videresendt melding -----

**Emne:**ditt skriv til ordfører

**Dato:**Tue, 16 Jan 2018 15:50:27 +0100

**Fra:**Oddvar Myklebust <oddvar@myklebusttrevare.no>

**Til:**werner@urptir.no

Hei

Viser til ditt skriv vedr. mine opplysninger i forbindelse med grensejustering.

Synes det er ok at du engasjerer deg.

Når det gjelder ambulansetaia som du hevder Myklebust Trevare skal reparere på ubestemt tid så tar du feil.

Myklebust Trevare var leigd av Sandøy kommune til å få taia til Harøya.

Vi står ikkje for reparasjonen, om den skal repareres så er det kommunen som vil stå for dette.

Før du kjem med usanne påstander så hadde det vore greit at du sjekka dine kjelder først.

Vi forlanger at du retter opp denne feilen i ditt skriv til fylkesmannen, Sandøy kommune og andre du sendt skrivet til.

Vi forlanger også at vi får kopi av det retta skrivet til fylkesmannen med fleire.

Om du ikkje sørger for å rette opp feil informasjon må vi gjere det sjølve.

Mvh

Myklebust Trevare AS

Oddvar Myklebust

Vedlegg 6 i



**Grunneigarar på Sæterøya og Gåsøya i Sandøy kommune.**

v/Malvin Harnes  
Gjerdevegen 56  
6487 Harøy  
Tlf: 416 60240  
Epost: maharnes@online.no

Fylkesmannen i Møre og Romsdal  
6400 Molde

6487 Harøy 15.02.2018

**Vedr. Deling av Sandøy kommune.**

Det er med stor undring at vi til stadigheit i media får høyre om småøyane i Sandøy som vil lausrive seg frå Sandøy kommune og flytte over til Aukra kommune og at Sæterøya og Gåsøya er av dei som har søkt om dette.

Vi som skriv under dette brevet representerer 99,5% av arealet på Sæterøya og ein av eigedomane på Gåsøya vil sterkt presisere våre synspunkt.

1. Vi ønskjer at Sæterøya og Gåsøya skal bli med Sandøy kommune inn i Nye Ålesund kommune.
2. Vi har ikkje på noko tidspunkt ytra ønske om at Sæterøya og Gåsøya skal lausrive seg frå Sandøy kommune og er heller ikkje forespurt om å vere med andre øyar om dette.
3. Vi finn det merkeleg at enkeltpersonar kan ta seg til rette og søkje om lausrivelse frå kommunen på vegne av andre.

Då det berre er dei fastbuande på dei bebodde øyane som har fått gitt si stemme om deling av kommunen i form av ein innbyggjarundersøkelse vil vi med dette brevet gje uttrykk for vår meining. Vi håper at fylkesmannen tek omsyn til våre synspunkt og om det skulle gå så gale at kommunen vert delt, at den nye grensa då går nordanfor Sæterøya og Gåsøya.

Kopi : Sandøy kommune

Mvh

*John Stein Sandøy*  
John Stein Sandøy  
g.nr 3, bnr 11

*Ragnhild A. Harnes*  
Ragnhild Apelseth Harnes  
g.nr 3, b.nr 10

*Geir Øye*  
Geir Øye  
g.nr 3, b. nr 26

*Johan Vasstrand*  
Johan Vasstrand  
g. nr 3, b.nr 24

*ANETTE MOLUND*

Vedlegg 6 j

Fra: per jarle sæterøy[per.jarle.sateroy@gmail.com]  
Dato: 2. mar 2018 11.51.04  
Til: Fylkesmannen i Møre og Romsdal  
Kopi: maharnes@online.no  
Tittel: Deling av Sandøy kommune.

---

Eg støter Malvin Harnes sit brev fra 15.02.2018.  
Har sjøhus på sæterøy det er g.nr 3, b nr 258.

MVH

Per jarle Sæterøy.

Vedlegg 6 K

Fra: Vigdis Rotlid Vestad[fmmrvive@fylkesmannen.no]  
Dato: 5. mar 2018 12.47.00  
Til: 'Pål J. Gaasøy'  
Tittel: SV: Grensejustering Sandøy kommune

---

Hei  
Melder at e-post er motteken.

Med vennlig hilsen

**Vigdis Rotlid Vestad**  
**Seniorrådgivar**  
**Innovasjon og samordning**

**Fylkesmannen i Møre og Romsdal**  
Fylkeshuset, 6404 Molde  
Tlf: 71 25 84 47, mobil 99 15 85 49  
E-post: [vigdis.rotlid.vestad@fylkesmannen.no](mailto:vigdis.rotlid.vestad@fylkesmannen.no)  
Web: [www.fylkesmannen.no/mr](http://www.fylkesmannen.no/mr)

---

**Fra:** Pål J. Gaasøy [mailto:gaasoyp@online.no]  
**Sendt:** søndag 4. mars 2018 19.59  
**Til:** Vigdis Rotlid Vestad <fmmrvive@fylkesmannen.no>  
**Kopi:** Liv Tove Lyngvær <livtove@start.no>; Oddgeir Viken <oddgeir.viken@gmail.com>  
**Emne:** Grensejustering Sandøy kommune

Da ordfører Oddvar Myklebust orienterte kommunestyret (bevisst eller ubevisst?) angående brev om ikke gå til Aukra, sa han at det var fra grunneiere som representerte 99,5 % av Seterøya + grunneiere på Gåsøya. Dette blei oppfattet som om det var full enighet på begge disse øyene om Ålesund. Også RB sin reporter oppfattet det sånn, jamfør gårsdagens artikkel i Romsdals Budstikke. Kanskje det også påvirket mindretallet til å komme med forslag om å la Seterøya og Gåsøya gå til Ålesund.

Som eier av ca 90% av Gåsøya vil jeg presisere at jeg ikke har endret mening og fortsatt vil følge de andre til Aukra.

--  
Med vennlig hilsen

Pål Gaasøy  
90029960





Fylkesmannen i Møre og Romsdal  
Fylkeshuset  
6412 MOLDE

Dykkar ref.:

Vår ref.: 16/182  
JournalpostID:  
18/1036

Saksbehandlar, tlf.  
Mariann Husøy, 71 27 75 08

Dato: 04.03.2018

## Vedtaksbrev

Kommunestyret – behandla i møte **01.03.2018** sak 2018/13 Grensejustering - Uttale:

Det er gjort følgjande vedtak i saka:

Kommunestyret vedtek med 16 mot 3 røyster:

1. Sandøy kommunestyre går i mot at øyane Sandøya, Ona/Husøy, Orta, Lyngværet, Seterøya og Gåsøya skal bli ein del av Aukra kommune.  
Sandøy kommunestyre går inn for at heile Sandøy kommune skal bli del av nye Ålesund.
2. Sandøy kommunestyre meiner at faktagrunnlaget og intensjonsavtalen viser at det vil vere ein styrke for alle øyane i Sandøy kommune at heile kommunen bli del av nye Ålesund kommune, dette vil også vere i tråd med sentrale mål i inndelingslova og kommunereforma.
3. Kommunestyret understrekar at ei grensejustering vil vere ei stor tilleggsoppgåve, noko som kan medføre eit risikoelement i framdrifta med etableringa av nye Ålesund kommune, og få store konsekvensar for drifta i noverande Sandøy kommune.
4. Ulike kartalternativ og VEDLEGG TIL SAK 2018/13 GRENSEJUSTERING, skal vere ein del av uttalen til fylkesmannen.  
Kommunestyret ber administrasjonen legge ved eit nytt kart alternativt 5 som viser eksisterande kommunegrense.  
Kommunestyret ber administrasjonen å legge til følgjande setning etter fjerde avsnitt i VEDLEGG TIL SAK 2018/13 Grensejustering.  
Kommunestyret presisterer at det ikkje er ønskelig med ei grensejustering, men etter ønske fra fylkesmannen har administrasjonen utarbeidd alternativ til kommunegrense."

Med helsing

Anny Sønderland  
rådmann

Mariann Husøy  
rådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*

Vedlegg:

Acos.Møte.Application.Document.ContentInformation.VedtaksbrevContentInformation

**Anny Sønderland**  
**Oddvar Myklebust**

**Storerasmu**

**Mottakarar:**

Fylkesmannen i Møre og  
Romsdal

Fylkeshuset

6412 MOLDE



Saksframlegg

Grensejustering - uttale

Saksnr.	Utval	Møtedato
2018/15	Formannskapet	13.02.2018
2018/13	Kommunestyret	01.03.2018

Vedlegg:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
08.02.2018	Sandøy, Ona, Orten m.fl. høringsbrev 07.06.2018	1357101
08.02.2018	vedlegg til høringsbrev - Sandøy, Ona, Orten m. fl.	1357102
08.02.2018	Tilleggsuttale grensjustering	1357151
01.03.2018	- Grensejustering - ulike alternativ - vedlegg til sak 2018 - 13	1357886

Samandrag:

Sandøy kommune er invitert til å kome med uttale til grensejustering mellom Sandøy og Aukra kommune. Eit fleirtal av innbyggjarane i det aktuelle område ønskjer grensejustering. Dette talar for ei grensejustering. På den andre sida er det andre moment som talar imot. Rådmannen rår til at øyane Sandøya, Ona, Orta, Lyngværet, Seterøya og Gåsøya, saman med resten av dagens Sandøy kommune, blir del av nye Ålesund. Dette vil vere i tråd med intensjonsavtalen mellom kommunane i nye Ålesund og sentrale mål i inndelingslova og kommunereforma.

Saksopplysningar:

Innleiing

Vi ser det som positivt at kommunen og også fellesnemnda i nye Ålesund får kome med uttale til sak om grensejustering i Sandøy kommune. Vi viser til tidlegare tilsendt faktagrunnlag som også vil vere del av vår uttale.

[Inndelingslova](#) har følgjande formål:

*Formålet med denne lova er å leggje til rette for ei kommune- og fylkesinndeling som innafor ramma av det nasjonale fellesskap kan sikre eit funksjonsdyktig lokalt folkestyre og ei effektiv lokalforvaltning. Endringar i kommune- eller fylkesinndeling bør medverke til å skape formålstenlege einingar som kan gi innbyggjarane og næringslivet tilfredsstillande tenester og forvaltning. Verksemda etter denne lova skal byggje på prinsippet om lokal medverknad og initiativrett til grenseendringar.*

Det følgjer av forarbeida til lova, [Ot.prp. nr. 41 \(2000–2001\)](#) Om lov om fastsetjing av kommune- og fylkesgrenser (inndelingslova) at:

*Inndelingslova er ei prosess- og gjennomføringslov, som bør utformast som eit tenleg reiskap i høve til ulik politikk på feltet. Formålsparagrafen gir likevel uttrykk for overordna målsetjingar og verdier i høve til spørsmål om kommune- og fylkesstrukturen.*

Det går fram av [rundskriv](#) til inndelingslova at lova ikkje seier noko om kor stor vekt ein skal leggje på dei ulike momenta i ei grensejusteringssak. Vidare at alle relevante argument i saka bør vurderast. Avgjerda skal svare til god forvaltningsskikk, og det skal kome fram kva fylkesmannen har vurdert og lagt vekt på. Fylkesmannen skal altså på bakgrunn av ei heilskapleg vurdering av ulike moment kome med si tilråding.

Kommunegrensa er avgjerande for rettar og plikter som innbyggjarane har. Ei endring av ei kommunegrense kan mellom anna avgjere kva for skattar og avgifter som gjeld, kva for offentlege tenester som kan nyttast (til dømes skule- og barnehagetilbod) og kva kommune ein kan stemme i. ([regjeringen.no](#))

Inndelingslova § 10 er etter ordlyden avgrensa til innbyggjarar i "det aktuelle området". Det går fram av [rundskriv](#) til lova at ei sak som geografisk berre vedkjem ein liten del av kommunen, kan få ringverknader langt utanfor området saka direkte gjeld.

### **Uttale**

Det er eit vesentleg argument at eit fleirtal av innbyggjarane på dei aktuelle øyane ønskjer ei grensejustering, og vi har respekt for dette ønsket.

Vi vil trekkje fram andre moment som også må tilleggjast vekt.

### **Funksjonell og formålstenleg eining**

Kommunereformbehovet har mellom sitt grunnlag i at mange og viktige oppgåver stiller auka krav til kommunane. Det skal vere formålstenlege einingar som kan gi innbyggjarane og næringslivet tilfredsstillande tenester og forvaltning.

Aukra kommune vil på mange område kunne gi like tilfredsstillande tenestetilbod til befolkninga som nye Ålesund kommune. I nye Ålesund vil dei kommunale tenestene, og dermed arbeidsplassane, framleis vere nær brukarane. Dei tilsette blir ein del av eit større fagmiljø. Spesialiserte tenester vil bli tilgjengelege. Dette er i samsvar med målsettinga i kommunereforma om at større kommunar skal gi betre kapasitet og kompetanse. Tilgangen til eit større fagmiljø vil ikkje gjelde på same måten for Aukra kommune før Aukra kommune blir del av ei eventuell kommunesamanslåing. Vi kan ikkje sjå at innbyggjarane får betre tilgang på tenester ved ei eventuell grensejustering.

Kommunen vil miste inntekter, men også få færre utgifter. Grunnlaget for tenester for resten av kommunen kan bli svekka. Færre innbyggjarar kan utfordre tenestetilbodet lokalt.

Øyane har, med unntak for Orta, kortare reisetid til sentrale servicefunksjonar i noverande Sandøy kommune enn til Aukra kommune. Reisetid vil vere avhengig av rutetilbodet, men vi vil peike på at avstandane er kortare frå Orta og Sandøy til Finnøya/Sandøy kommune enn til Småge/Aukra kommune. Orta har kortare avstand til Småge/Aukra. Når fastlandssambandet Nordøyvegen er på plass, vil innbyggjarane på øyane få ei ferjestrekning til Ålesund, medan dei har to til Molde. Dagens pendlingsmønster viser at eit lite fleirtal pendlar mot Finnøya og sørover.

Basert på geografi, tenestetilbod og reisetid vil ikkje ei grensejustering i Sandøy kommune gje ei meir funksjonell og formålstenleg eining, altså vil ein ikkje oppnå ein av intensjonane med inndelingslova.

### **Havområdet**

Den moglege grensejusteringa omfattar mellom 4-5 % av innbyggjarane i Sandøy kommune og over 40 % av arealet (landareal/havområde).

Sandøy kommune har 21,5 kvadratkilometer landareal. Havflata i kommunen er 985,7 kvadratkilometer. Ved ei eventuell grensejusteringa vil store havområde ikkje lengre vere del av kommunen. Havområdet er sentralt for å arbeide fram løysingar og sikre ei berekraftig

utvikling. Dette er i tråd med satsinga til NTNU. NTNU satsar på det grøne skiftet, og samarbeider med det innovative miljøet ved Norsk Maritimt Kompetansesenter om forskning og vidareutvikling av den maritime og marine næringa. Nye Ålesund legg opp til eit nært samarbeid og ei framtidretta utvikling saman med forskings- og utdanningsinstitusjonane i den nye kommunen. I konkretiseringa av Intensjonsavtalen står det: Det er viktig å utnytte Sandøy kommune sin strategiske posisjon på kysten og etablerte næringskluster for t.d. turisme, maritim, marin og energinæring. Havrommet skal utviklast som ei større strategisk næring der fagmiljø for havrommet og vindenergi etablerast i Sandøy, i nært samarbeid med forskningsinstitusjonar.

Nokre av premissane for kommunesamanslåinga vil vere borte med ei grensjustering. Dette har også ei demokratisk side. Kven skal bestemme over 40 % av arealet i ein kommune?

#### **Økonomiske konsekvensar:**

Dei økonomiske konsekvensane for kommunane av ei grensjustering er usikre. Det er gitt høve til å søke fylkesmannen om midlar til ei utgreiing i regi av Telemarksforsking.

#### **Vurdering og konklusjon:**

Eit fleirtal av innbyggjarane i det aktuelle området ønskjer ei grensejustering. Dette talar for ei grensejustering. På den andre sida er det fleire moment som talar imot.

- Innbyggjarane vil ikkje inngå ei meir funksjonell eining enn tidlegare.
- Dette angår få innbyggjarar, men eit stort areal.
- Ei grensejustering vil kunne få konsekvensar for tilbodet til dei andre innbyggjarane.
- Ei grensejustering vil vere eit brot på intensjonsavtalen i nye Ålesund der mellom anna utvikling av havområdet er eit satsingsområde.
- Mange og viktige oppgåver stiller auka krav til kommunane. Ei grensejustering vil ikkje vere i tråd med kommunereformas mål om større og sterkare fagmiljø.

Det er likevel grunn til å peike på at Orta skil seg ut frå dei andre øyane gjennom nærleiken til Småge/Aukra.

Det er alt i alt noko usikkert kva som vil vere mest tenleg for framtidens innbyggjarar på øyane Sandøya, Ona og Orta.

#### **Framlegg til vedtak:**

1. Sandøy kommunestyre ønskjer at øyane Sandøya, Ona, Orta, Lyngværet, Seterøya og Gåsøya, saman med resten av dagens Sandøy kommune, skal bli del av nye Ålesund.
2. Sandøy kommunestyre meiner det vil vere ein styrke om heile Sandøy kommune blir med i nye Ålesund og at dette er i tråd med intensjonsavtalen mellom kommunane i nye Ålesund og sentrale mål i inndelingslova og kommunereforma.

### **13.02.2018 Formannskapet**

#### **Behandling:**

Etter at saka var sendt ut til formannskapet kom det brev frå fylkesmannen i Møre og Romsdal om grensejustering i Sandøy kommune – høyring. (7.2.2018) Relevante vedlegg til saka var samanfatta i eit vedlegg til brevet.

Eit tilleggokument med supplerande informasjon som svar på spørsmåla frå fylkesmannen vart utarbeidd. Dette skal vere del av den samla uttalen til fylkesmannen.

Framlegg sett fra av Oddvar Myklebust (AP)

1. Sandøy kommunestyre går i mot at øyane Sandøya, Ona/Husøy, Orta, Lyngværet, Seterøya og Gåsøya skal bli ein del av Aukra kommune.  
Sandøy kommunestyre går inn for at heile Sandøy kommune skal bli del av nye Ålesund.
2. Sandøy kommunestyre meiner at faktagrunnlaget og intensjonsavtalen viser at det vil vere ein styrke for alle øyane i Sandøy kommune at heile kommunen bli del av nye Ålesund kommune, dette vil også vere i tråd med sentrale mål i inndelingslova og kommunereforma.
3. Kommunestyret understrekar at ei grensejustering vil vere ei stor tilleggsoppgåve, noko som kan medføre eit risikoelement i framdrifta med etableringa av nye Ålesund kommune, og få store konsekvensar for drifta i noverande Sandøy kommune.

Røysting over framlegg sett fram i møtet

Røysting

Framlegg til nye pkt 1-3 sett fram i møtet vert samrøystes vedtatt.

#### **F-2018/15 Vedtak:**

#### **Formannskapet tilrår samrøystes:**

1. Sandøy kommunestyre går i mot at øyane Sandøya, Ona/Husøy, Orta, Lyngværet, Seterøya og Gåsøya skal bli ein del av Aukra kommune.  
Sandøy kommunestyre går inn for at heile Sandøy kommune skal bli del av nye Ålesund.
2. Sandøy kommunestyre meiner at faktagrunnlaget og intensjonsavtalen viser at det vil vere ein styrke for alle øyane i Sandøy kommune at heile kommunen bli del av nye Ålesund kommune, dette vil også vere i tråd med sentrale mål i inndelingslova og kommunereforma.
3. Kommunestyret understrekar at ei grensejustering vil vere ei stor tilleggsoppgåve, noko som kan medføre eit risikoelement i framdrifta med etableringa av nye Ålesund kommune, og få store konsekvensar for drifta i noverande Sandøy kommune.

## 01.03.2018 Kommunestyret

### Behandling:

Framlegg sett fram av Odd Arve Orten (V):

Sandøy kommunestyre respekterer innbyggjarane sitt ønskje om ei grensejustering mot Aukra. Det er no opp til Fylkesmannen og Kommunal- og moderniseringsdepartementet å ta avgjersle i saka.

Tilrådinga med 3 punkt frå formannskapet blir sett opp mot forslaget til Odd Arve Orten (V):

Røysting:

Formannskapet si tilråding blir vedtatt med 16 mot 3 røyster.

Behandling av sak 2018/14:

Formannskapet si tilråding i F sak 2018/17:

Ulike kartalternativ og VEDLEGG TIL SAK 2018/13 GRENSEJUSTERING, skal vere ein del av uttalen til fylkesmannen.

Kommunestyret ber administrasjonen legge ved eit nytt kart alternativt 5

som viser eksisterande kommunegrense.

Kommunestyret ber administrasjonen å legge til følgende setning etter fjerde avsnitt i

VEDLEGG TIL SAK 2018/13 Grensejustering.

Kommunestyret presisterer at det ikkje er ønskelig med ei grensejustering, men etter ønske fra fylkesmannen har administrasjonen utarbeidd alternativ til kommunegrense."

Framlegg sett fram av Robert Coates (V) :

"Kommunestyret går inn for alt. 2 i de kart som foreligger"

Forslaget til Robert Coates blir sett opp mot tilrådinga til formannskapet:

Røysting:

Forslaget til Robert Coates fell med 3 mot 16 røyster.

Kommunestyret vedtek med dette eit punkt nr. 4 i tillegg til pkt. 1 - 3:

4. Ulike kartalternativ og VEDLEGG TIL SAK 2018/13 GRENSEJUSTERING, skal vere ein del av uttalen til fylkesmannen.

Kommunestyret ber administrasjonen legge ved eit nytt kart alternativt 5

som viser eksisterande kommunegrense.

Kommunestyret ber administrasjonen å legge til følgende setning etter fjerde avsnitt i

VEDLEGG TIL SAK 2018/13

Grensejustering."

Kommunestyret presiserer at det ikkje er ønskelig med ei grensejustering, men etter ønske fra fylkesmannen har

administrasjonen utarbeida alternativ til kommunegrense.

Røysting over punkt 1 til 4 samla:

Punkt 1- 4 blir vedtatt med 16 mot 3 røyster.

### K-2018/13 Vedtak:

Kommunestyret vedtek med 16 mot 3 røyster:

1. Sandøy kommunestyre går i mot at øyane Sandøya, Ona/Husøy, Orta, Lyngværet, Seterøya og

Gåsøya skal bli ein del av Aukra kommune.

Sandøy kommunestyre går inn for at heile Sandøy kommune skal bli del av nye Ålesund.

2. Sandøy kommunestyre meiner at faktagrunnlaget og intensjonsavtalen viser at det vil vere ein

styrke for alle øyane i Sandøy kommune at heile kommunen bli del av nye Ålesund kommune,

dette vil også vere i tråd med sentrale mål i inndelingslova og kommunereforma.

3. Kommunestyret understrekar at ei grensejustering vil vere ei stor tilleggsoppgåve, noko som kan

medføre eit risikoelement i framdrifta med etableringa av nye Ålesund kommune, og få store

konsekvensar for drifta i noverande Sandøy kommune.

4. Ulike kartalternativ og VEDLEGG TIL SAK 2018/13 GRENSEJUSTERING, skal vere ein del av uttalen til fylkesmannen.

Kommunestyret ber administrasjonen legge ved eit nytt kart alternativt 5

som viser eksisterande kommunegrense.

Kommunestyret ber administrasjonen å legge til følgende setning etter fjerde avsnitt i VEDLEGG TIL SAK 2018/13

Grensejustering."

Kommunestyret presisterer at det ikkje er ønskelig med ei grensejustering, men etter ønske fra fylkesmannen har

administrasjonen utarbeidd alternativ til kommunegrense."

Anny Sønnerland  
rådmann

Mariann Husøy  
rådgjevar



## VEDLEGG TIL SAK 2018/13 Grensejustering

### Ulike alternativ

I brev av 28.9.2017 frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet til Fylkesmannen i Møre og Romsdal blir fylkesmannen bedt om å utgreie konsekvensane av ei grensjustering mellom Sandøy og Aukra kommunar som omfattar Ona/Husøya, Sandøya og Orta og eventuelt andre omkringliggande øyar. Det går fram av brevet at fylkesmannen i tillegg kan **utgreie større eller mindre grensejusteringar i det omtalte området.**

Det går vidare fram i brevet at dersom fylkesmannen anbefaler ei grensejustering, skal fylkesmannen foreslå eit **klart og entydig forslag til ny kommunegrense.** Vidare at Statens kartverk bør konsulterast om utforming av forslag til ny grense.

Fylkesmannen har i brev datert 06.02.2018 bedt Kartverket om å vurdere om grensene som går fram av innbyggjarinitiativet, har god nok kvalitet som grunnlag for ny kommunegrense.

I møte 22.02.2018 hos fylkesmannen, der ordfører og rådmann møtte frå Sandøy kommune, kom det fram at Sandøy kommune kunne skissere forslag til ny grense for ulike alternativ. Dette ut frå lokal kunnskap.


Kommunestyret presiserer at det ikkje er ønskelig med ei grensejustering, men etter ønske fra fylkesmannen har administrasjonen utarbeida alternativ til kommunegrense.

Nedanfor følgjar ulike alternativ.

For alle alternativa gjeld at vi har unngått å involvere grensa mot Midsund kommune. Vi har også sett på sjødjupna og grunnkretsar. I dag har Finnøya, Sæterøya, Gåsøya og Sandøya same gardsnummerserie. Å dele ein gardsnummerserie er ikkje heldig med tanke på endringane som må gjerast i matrikkelen (eigedomsregisteret) ved ei grensejustering.


## Alternativ 1: Ona/Husøya, Sandøya, Orta, Sæterøya, Gåsøya, Lyngværet, Flatflesa – til Aukra

Dette er det mest omfattande alternativet, der alle dei aktuelle øyane er med.




Figur 1 - Alternativ 1

**Alternativ 2: Ona/Husøya, Sandøya, Orta, Lyngværet, Flatflesa – til Aukra**  
Her er Sæterøya og Gåsøya ikkje med. Vi viser til nærleiken til Finnøya.



Figur 2 - Alternativ 2


**Alternativ 3: Ona/Husøya, Sandøya, Orta, Lyngværet, Flatflesa – til Aukra**  
Likt som alternativ 2, men her er ikkje Håværet med til Aukra.



Figur 3 - Alternativ 3


#### Alternativ 4: Orta og Lyngværet – til Aukra

Her er Flatflesa tatt ut. Vi viser her til ein næringsaktør som har aktivitet både på Finnøya, Ona og Flatflesa.



Figur 4 - Alternativ 4

**Alternativ 5: Dagens grenser**



**Sandøy kommune 8.2.2018**

Anny Sønnerland

## **Grensejustering – vurdering av to spørsmål frå fylkesmannen**

### **Innleiing**

Tilleggsdokument til sak 2018/15 Grensjustering uttale - til formannskapet 13. februar og kommunestyret 1. mars 2018.

Etter at saka var sendt ut til formannskapet kom det brev frå fylkesmannen i Møre og Romsdal om grensejustering i Sandøy kommune – høyring. (7.2.2018) Relevante vedlegg til saka var samanfatta i eit vedlegg. (vedlagt)

Fylkesmannen ber om følgjande vurdering frå Sandøy kommunestyre:

1. Kva for konsekvensar vil det gi for Sandøy kommune (nye Ålesund kommune) at øyane Sandøy, Ona, Orten, Gåsøya, Seterøya og Lyngværet blir ført over til Aukra kommune.
2. Korleis vurderer kommunestyret resultatet frå innbyggjarhøyringa.

I dette tilleggsdokumentet følgjer ei vurdering av desse to spørsmåla.

### **Konsekvensar for Sandøy kommune (nye Ålesund kommune) at øyane Sandøy, Ona, Orten, Gåsøya, Seterøya og Lyngværet blir ført over til Aukra kommune.**

Vi viser til uttalen i saksframlegget og faktagrunnlaget, og vil understreke følgjande i tillegg:

Kommunen mister inntekter som følgje av at det blir færre innbyggjarar (rammeoverføring og skatt) og tapte inntekter frå havbruksfondet.

Kommunen vil få færre utgifter, mellom anna når det gjeld infrastruktur og beredskap.

Det er lagt opp til at sentrale basistjenester framleis skal vere på Harøya. Grunnlaget for å oppretthalde tilbodet kan bli svekka med færre innbyggjarar.

Dette må også sjåast i samanheng med intensjonsavtalen mellom kommunane i nye Ålesund der det blir lagt opp til utvikling og vekst i området:

*Det er viktig å utnytte Sandøy kommune sin strategiske posisjon på kysten og i etablerte næringskluster for t.d. turisme, maritim, marin og energinæring.*

Grunnlaget for denne satsinga i næringslivet vil bli svekka, og dette vil igjen kunne svekke grunnlaget for befolkningsvekst.

Overføring av øyane vil vere eit brot med intensjonsavtalen mellom kommunane i nye Ålesund og grunnlaget for kommunesamanslåinga.

Det er tette band mellom øyane. Til dømes blir Sandøy kirka nytta av befolkninga særleg på Finnøya. Finnøya og deler av Harøya er også romsdalingar og har band mot Romsdalen. Ei framtidig svekking av fergetilbodet frå og til Finnøya som følgje av ei eventuell grensjustering, vil kunne få konsekvensar for innbyggjarane i resten av kommunen.

Vi viser elles til Nordplan sin rapport datert 1.4.2016: Sandøy kommune Kommunestruktur.

## Vurdering av resultatet av innbyggjarhøyring

Det er positivt at det vart gjennomført ei undersøking slik at innbyggjarane sine synspunkt kom fram. Det er ein svarprosent på 96 %, 53 av i alt 55, noko som også er positivt.

85 % (45) ønskjer overflytting til Aukra, 13 % (7) ønskjer å bli i Sandøy kommune/nye Ålesund og 2 % (1) har svart veit ikkje.

Det er eit fleirtal av kvinner som deltok i undersøkinga, 31 kvinner og 22 menn. Ein større andel av kvinnene (90 %) enn mennene (77%) ønskjer overflytting til Aukra.

Tabellen nedanfor gir ei oversikt over fordeling på alder.

	16-19 år	30-44 år	45-59 år	60 + år	I alt
Faktisk tal	5	3	8	37	53
Prosent	9 %	6 %	15 %	70 %	100 %

Dei fleste, 70 %, er over 60 år. Det hadde vore ein fordel om resultatet vart fordelt på alder, til dømes over og under 60 år. Med tanke på at ein skal velje løysingar for framtida, hadde det vore ønskeleg.

Det budde i 2017 11 på Orten, 36 på Sandøya og 20 på Ona, i alt 67. Det hadde vore ein fordel om undersøkinga viste resultatet fordelt på øyane. Sidan avstandane til Aukra varierer mellom øyane, hadde det vore ønskeleg.

Isolert sett vil resultatet frå innbyggjarundersøkinga tale for ei overflytting til Aukra kommune. Vi må, som teke opp i saksframlegget, også vurdere andre moment, som at dette omfattar 4-5 % av befolkninga, men ca 40 % av arealet. Vi tek her med i tillegg:

Dei fleste bur på Sandøya. Avstand til offentlege tenester frå Sandøya i minutt er 25 til Sandøytunet og 27 minutt til Harøy barne- og ungdomsskole og Harøy barnehage. Til Aukra kommunehus, Aukra omsorgssenter, Gossen barne og ungdomsskole er det 78 minutt. Til Ålesund kommunehus er det 130 minutt. (Kjelde: Fylkesmannen i Møre og Romsdal) Det er i nye Ålesund lagt opp til at det skal vere rådhusfunksjonar i Sandøytunet. Det er også ei satsing på digitalisering.

### Arbeidsstad for dei som bur på øyane (4. kvartal 2016)

	Sandøy	Aukra	Andre kommunar	Totalt
Orten	5			6
Sandøya	15			17
Ona/Husøy	9		3	12

### Bustad til dei som jobbar på øyane (4. kvartal 2016)

	Sandøy	Aukra
Orten	4	
Sandøya	8	
Ona/Husøy	4	

Kjelde: fylkesmannen

Desse tala viste at ingen som budde på øyane, jobba i Aukra kommune, og at ingen frå Aukra kommune jobba på øyane. Dette understrekar at Sandøy kommune inklusiv dei aktuelle øyane er ei meir funksjonell eining enn Aukra kommune og øyane.

**Det er ønskeleg at fylkesmannen vurderer ulike alternativ for eventuell grensejustering. Det bør vurderast nøyte kvar grensa bør gå og kor mange øyar som eventuelt skal overførast.**





## Saksframlegg

### Grensejustering - uttale

#### Vedlegg:

#### Samandrag:

Sandøy kommune er invitert til å kome med uttale til grensejustering mellom Sandøy og Aukra kommune. Eit fleirtal av innbyggjarane i det aktuelle område ønskjer grensejustering. Dette talar for ei grensejustering. På den andre sida er det andre moment som talar imot. Rådmannen rår til at øyane Sandøya, Ona, Orta, Lyngværet, Seterøya og Gåsøya, saman med resten av dagens Sandøy kommune, blir del av nye Ålesund. Dette vil vere i tråd med intensjonsavtalen mellom kommunane i nye Ålesund og sentrale mål i inndelingslova og kommunereforma.

#### Saksopplysningar:

##### Innleiing

Vi ser det som positivt at kommunen og også fellesnemnda i nye Ålesund får kome med uttale til sak om grensejustering i Sandøy kommune. Vi viser til tidlegare tilsendt faktagrunnlag som også vil vere del av vår uttale.

[Inndelingslova](#) har følgjande formål:

*Formålet med denne lova er å leggje til rette for ei kommune- og fylkesinndeling som innafor ramma av det nasjonale fellesskap kan sikre eit funksjonsdyktig lokalt folkestyre og ei effektiv lokalforvaltning. Endringar i kommune- eller fylkesinndelinga bør medverke til å skape formålstenlege einingar som kan gi innbyggjarane og næringslivet tilfredsstillande tenester og forvaltning. Verksemda etter denne lova skal byggje på prinsippet om lokal medverknad og initiativrett til grenseendringar.*

Det følgjer av forarbeida til lova, [Ot.prp. nr. 41 \(2000–2001\)](#) Om lov om fastsetjing av kommune- og fylkesgrenser (inndelingslova) at:

*Inndelingslova er ei prosess- og gjennomføringslov, som bør utformast som eit tenleg reiskap i høve til ulik politikk på feltet. Formålsparagrafen gir likevel uttrykk for overordna målsetjingar og verdier i høve til spørsmål om kommune- og fylkesstrukturen.*

Det går fram av [rundskriv](#) til inndelingslova at lova ikkje seier noko om kor stor vekt ein skal leggje på dei ulike momenta i ei grensejusteringssak. Vidare at alle relevante argument i saka bør vurderast. Avgjerda skal svare til god forvaltningsskikk, og det skal kome fram kva fylkesmannen har vurdert og lagt vekt på. Fylkesmannen skal altså på bakgrunn av ei heilskapskopleg vurdering av ulike moment kome med si tilråding.

Kommunegrensa er avgjerande for rettar og plikter som innbyggjarane har. Ei endring av ei kommunegrense kan mellom anna avgjere kva for skattar og avgifter som gjeld, kva for

offentlege tenester som kan nyttast (til dømes skule- og barnehagetilbod) og kva kommune ein kan stemme i. ([regjeringen.no](http://regjeringen.no))

Inndelingslova § 10 er etter ordlyden avgrensa til innbyggjarar i "det aktuelle området". Det går fram av [rundskriv](#) til lova at ei sak som geografisk berre vedkjem ein liten del av kommunen, kan få ringverknader langt utanfor området saka direkte gjeld.

### **Uttale**

Det er eit vesentleg argument at eit fleirtal av innbyggjarane på dei akuelle øyane ønskjer ei grensejustering, og vi har respekt for dette ønsket.

Vi vil trekkje fram andre moment som også må tilleggjast vekt.

### **Funksjonell og formålstenleg eining**

Kommunereformbehovet har mellom sitt grunnlag i at mange og viktige oppgåver stiller auka krav til kommunane. Det skal vere formålstenlege einingar som kan gi innbyggjarane og næringslivet tilfredsstillande tenester og forvaltning.

Aukra kommune vil på mange område kunne gi like tilferdsstillande tenestetilbod til befolkninga som nye Ålesund kommune. I nye Ålesund vil dei kommunale tenestene, og dermed arbeidsplassane, framleis vere nær brukarane. Dei tilsette blir ein del av eit større fagmiljø. Spesialiserte tenester vil bli tilgjengelege. Dette er i samsvar med målsettinga i kommunereforma om at større kommunar skal gi betre kapasitet og kompetanse. Tilgangen til eit større fagmiljø vil ikkje gjelde på same måten for Aukra kommune før Aukra kommune blir del av ei eventuell kommunesamanslåing. Vi kan ikkje sjå at innbyggjarane får betre tilgang på tenester ved ei eventuell grensejustering.

Kommunen vil miste inntekter, men også få færre utgifter. Grunnlaget for tenester for resten av kommunen kan bli svekka. Færre innbyggjarar kan utfordre tenestetilbodet lokalt.

Øyane har, med unntak for Orta, kortare reisetid til sentrale servicefunksjonar i noverande Sandøy kommune enn til Aukra kommune. Reisetid vil vere avhengig av rutetilbodet, men vi vil peike på at avstandane er kortare frå Ona og Sandøy til Finnøya/Sandøy kommune enn til Småge/Aukra kommune. Orta har kortare avstand til Småge/Aukra. Når fastlandssambandet Nordøyvegen er på plass, vil innbyggjarane på øyane få ei ferjestrekning til Ålesund, medan dei har to til Molde. Dagens pendlingsmønster viser at eit lite fleirtal pendlar mot Finnøya og sørover.

Basert på geografi, tenestetilbod og reisetid vil ikkje ei grensejustering i Sandøy kommune gje ei meir funksjonell og formålstenleg eining, altså vil ein ikkje oppnå ein av intensjonane med inndelingslova.

### **Havområdet**

Den moglege grensejusteringa omfattar mellom 4-5 % av innbyggjarane i Sandøy kommune og over 40 % av arealet (landareal/havområde).

Sandøy kommune har 21,5 kvadratkilometer landareal. Havflata i kommunen er 985,7 kvadratkilometer. Ved ei eventuell grensejusteringa vil store havområde ikkje lengre vere del av kommunen. Havområdet er sentralt for å arbeide fram løysingar og sikre ei berekraftig utvikling. Dette er i tråd med satsinga til NTNU. NTNU satsar på det grønne skiftet, og samarbeider med det innovative miljøet ved Norsk Maritimt Kompetansesenter om forskning og vidareutvikling av den maritime og marine næringa. Nye Ålesund legg opp til eit nært samarbeid og ei framtidsretta utvikling saman med forskings- og utdanningsinstitusjonane i den nye kommunen. I konkretiseringa av Intensjonsavtalen står det: Det er viktig å utnytte Sandøy kommune sin strategiske posisjon på kysten og etablerte næringskluster for t.d. turisme, maritim, marin og energinæring. Havrommet skal utviklast som ei større strategisk

næring der fagmiljø for havrommet og vindenergi etablerast i Sandøy, i nært samarbeid med forskningsinstitusjonar.

Nokre av premissane for kommunesamanslåinga vil vere borte med ei grensjustering. Dette har også ei demokratisk side. Kven skal bestemme over 40 % av arealet i ein kommune?

**Økonomiske konsekvensar:**

Dei økonomiske konsekvensane for kommunane av ei grensjustering er usikre. Det er gitt høve til å søke fylkesmannen om midlar til ei utgreiing i regi av Telemarksforsking.

**Vurdering og konklusjon:**

Eit fleirtal av innbyggjarane i det aktuelle området ønskjer ei grensejustering. Dette talar for ei grensejustering. På den andre sida er det fleire moment som talar imot.

- Innbyggjarane vil ikkje inngå ei meir funksjonell eining enn tidlegare.
- Dette angår få innbyggjarar, men eit stort areal.
- Ei grensejustering vil kunne få konsekvensar for tilbudet til dei andre innbyggjarane.
- Ei grensejustering vil vere eit brot på intensjonsavtalen i nye Ålesund der mellom anna utvikling av havområdet er eit satsingsområde.
- Mange og viktige oppgåver stiller auka krav til kommunane. Ei grensejustering vil ikkje vere i tråd med kommunereformas mål om større og sterkare fagmiljø.

Det er likevel grunn til å peike på at Orta skil seg ut frå dei andre øyane gjennom nærleiken til Småge/Aukra.

Det er alt i alt noko usikkert kva som vil vere mest tenleg for framtidens innbyggjarar på øyane Sandøya, Ona og Orta.

**Framlegg til vedtak:**

1. Sandøy kommunestyre ønskjer at øyane Sandøya, Ona, Orta, Lyngværet, Seterøya og Gåsøya, saman med resten av dagens Sandøy kommune, skal bli del av nye Ålesund.
2. Sandøy kommunestyre meiner det vil vere ein styrke om heile Sandøy kommune blir med i nye Ålesund og at dette er i tråd med intensjonsavtalen mellom kommunane i nye Ålesund og sentrale mål i inndelingslova og kommunereforma.

Anny Sønnerland  
Rådmann

	<b>Aukra kommune</b>	Arkivsak: 2013/490-75
		Arkiv: 026
		Saksbeh: Geir J. Göncz
		Dato: 20.02.2018

### Saksframlegg

Utv.saksnr.:	Utval:	Møtedato:
11/18	Formannskapet	05.03.2018
15/18	Kommunestyret	13.03.2018

### Høringsuttale om mogleg grensejustering mellom Sandøy kommune og Aukra kommune

#### Rådmannen si tilråding:

1. Aukra kommunestyre er positiv til at øyane Sandøya, Ona, Orta, Lyngværet, Seterøya og Gåsøya blir ein del av Aukra kommune og ønskjer innbyggerane velkomne til Aukra kommune.
2. Aukra kommunestyre ser ei grensejustering som funksjonell og geografisk naturleg, samt i tråd med eit klårt og stort ønskje frå innbyggerane på desse øyane.

#### Saksprotokoll i Formannskapet - 05.03.2018

##### Behandling

Tilrådinga frå rådmannen vart samrøystes vedtatt

##### Innstilling frå formannskapet:

Som tilrådinga frå rådmannen

#### Saksprotokoll i Kommunestyret - 13.03.2018

##### Behandling

Ordførar orienterte om e-post frå ordførar i Sandøy til rådmannen i Aukra og svaret frå rådmannen i Aukra, om uenigheit i saksframstillinga

Innstillinga frå formannskapet vart samrøystes vedtatt

## Vedtak

1. Aukra kommunestyre er positiv til at øyane Sandøya, Ona, Orta, Lyngværet, Seterøya og Gåsøya blir ein del av Aukra kommune og ønskjer innbyggjarane velkomne til Aukra kommune.
2. Aukra kommunestyre ser ei grensejustering som funksjonell og geografisk naturleg, samt i tråd med eit klårt og stort ønskje frå innbyggjarane på desse øyane.

## Vedlegg

- 1 Brev frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal datert 06.02.18, om grensejustering i Sandøy kommune - høyring
- 2 vedlegg

## Særutskrift:

### Bakgrunn:

I sak 54/16, i møte 24.6.16 om «Kommunereforma i Aukra» vedtok Aukra kommunestyre : «Aukra kommunestyre er positiv til initiativ om grensejusteringar, for eksempel ved «innbyggjarinitiativ» eller som på anna måte er naturleg, tenelg og ønska».

I sak 6/18, i møte 6.2.18, om «Eventuell grensejustering Aukra kommune» vedtok Aukra kommunestyre:

- «1. Aukra kommunestyre ser positivt på at øyane Sandøy, Ona, Orten, Lyngværet, Sæterøya og Gåsøya i Sandøy kommune blir ein del av Aukra kommune frå 1.1.2020, dersom dette blir vedteke av Kommunal- og moderniseringsdepartementet.
2. Etter at kommunen har kome med eit høyringssvar til Fylkesmannen med ei fylldigare vurdering av eventuelle driftsmessige konsekvensar for Aukra kommune, vil det kome ny sak til kommunestyret».

I brev datert 6.2.18 ber Fylkesmannen i Møre og Romsdal om uttale med frist 1.3.18 frå m.a Aukra kommune om:

*«Aukra kommune gjer greie for sitt syn på ei eventuell grensejustering av øyane Sandøy, Ona, Orten, Gåsøya, Seterøya og Lyngværet over til Aukra kommune».*

Fylkesmannen vil gje si tilråding til departementet 23. mars 2018. Det er venta ei avgjerd frå departementet før sommerferien 2018.

### Utgreiing:

Sentralt i vurdering av kommunale grensejusteringar er inndelingslova. I formålet til denne lova går det fram at:

*«formålet med denne lova er å leggje til rette for ei kommune- og fylkesinndeling som innanfor ramma av det nasjonale fellesskapet kan sikre eit funksjonsdyktig lokalt folkestyre og ei effektiv lokalforvaltning. Endringar i kommune- eller fylkesinndelinga bør medverke til å skape formålstenlege einingar som kan gi innbyggjarane og næringslivet tilfredsstillande tenester og forvaltning. Verksemda etter denne lova skal byggje på prinsippet om lokal medverknad og initiativrett til grenseendringar. «*

(eiga understreking)

### **Funksjonell og formålstenleg eining**

Det følger av inndelingslova at innbyggjarane skal høyrast ved utgreiing om grenseendring. Aukra kommune syner til resultat frå innbyggjarundersøking som fylkesmannen gjennomførte om grensejustering der heile 84% av dei aktuelle innbyggjarane i Sandøy kommune ønskjer seg inn i Aukra kommune. Det er verdt å merke seg at, jf kommunal rapport sin oversikt over alle innbyggjarundersøkingar omkring grensejustering, så er den klart høgaste prosentandelen/folkeviljen for grensejustering i heile landet knytt til at bebuarane på øyane i Sandøy ønskjer seg til Aukra kommune. Med eit slikt resultat meiner rådmannen at resultat frå innbyggjarundersøkinga må tilleggst avgjerande vekt.

Det er ein grunn til at det store fleirtalet på desse øyane ønskjer seg til Aukra kommune. Det er kjent at ein del av innbyggjarane i Sandøy kommune i generasjonar har vendt seg mot Romsdal/Aukra/Molde. Dette kjem til uttrykk mellom anna i orientering mot lokalavis, fotball, Molde som «by», turisme og reiseliv.

Reisetida for innbyggjarane på øyane til nytt kommunesenter vil vere kortare til Falkhytten enn til nye Ålesund/Ålesund sentrum. Med planlagt fastlandssamband gjennom Kjerringsundet og Møreaksen vil reisetida til sentrale regiontilbod i Molde bli enda betre.

Rådmannen har registrert at fleire nemner kor viktig sjø/havområda i den framtidige kommunen er. Med ei grensejustering vil størstedelen av havområda til Sandøy kommune vil bli ein del av Nye Ålesund kommune. Både geografisk og funksjonelt ligg det naturleg til rette for at sjø/havområdet utanfor dei aktuelle øyane blir ein del av grensejusteringa. Rådmannen vil her minne om at Aukra kommune i all tid har vendt seg mot havet, og har planar for forvaltning av sjø- og havområda for vidareutvikling av kommunen.

### **Kommunalt tenestetilbod**

Aukra kommune legg til grunn at alle innbyggjarar i kommunen skal ha like tenester.

Dei fulle økonomiske og praktiske konsekvensane av ei grensejustering vil bli greidd ut i si fulle bredde om det vert fatta vedtak om å justere kommunegrensene. Dette i tråd med korleis andre kommunar vurderer/uttaler seg til i denne høyringsrunden frå fylkesmannen. Aukra kommune ser det likevel slik at kommunen har god og solid økonomi til å utvide/gje tilbod til innbyggjarane på dei omtala øyane gode og likeverdige kommunale tenester.

Gjennom prosessen med framtidig kommunestruktur er det vedteke at Aukra kommune skal fortsette som eigen kommune. Verken fylkesmann eller regjering/storting har funne grunn til å endre kommunestrukturen, noko som inneberer at Aukra kommune er vurdert å vere ein funksjonell og formålstenleg kommune der tenestetilbod ivaretekast på ein god måte.

I Sentio si innbyggjarundersøking i 2017 om den kommunale tenesteytinga skårar Aukra kommune langt over snittet for landet forøvrig. Dette syner at ein kommune på Aukra sin størrelse og omfang kan yte tenester som innbyggjarane er tilfredse med. Her kan og nemnast at Aukra kommune skårar godt på faktisk tenesteyting, jf. KOSTRA/kommunebarometer.

Uansett grensejustering vil det vere administrative kommunegrensar, som i ulike høve vil krevje samarbeid på tvers av kommunar. Slik har t.d Aukra eit langt og svært godt fungerande samarbeid om ungdomsskolelevar frå Fræna kommune som får sitt tilbod ved Julsundet skole i Aukra. Spesialiserte

tenester er tilgjengeleg for innbyggerane i Aukra i dag og vil bli tilgjengeleg for dei nye innbyggerane i kommunen.

Det bør her nemnast at Aukra kommune dei seinare åra har bygd ut og vil bygge ut kommunal infrastruktur og tenestetilbod, med m.a nytt omsorgssenter med nye og utbetra omsorgsbustader, nytt kulturhus og basseng, ny barne- og ungdomsskole, ambulansestasjon på Falkhytten m.m.

**Administrative konsekvensar:**

Rådmannen er innstilt på å avsette naudsynte ressursar for å planlegge ei eventuell grensejustering av «nye bygdesamfunn» i Aukra kommune.

**Økonomiske konsekvensar:**

Dei langsiktige økonomiske konsekvenane er vanskelig å stipulere pr i dag. Ei utviding av kommunen vil både innebere auka kostander men også auka inntekter. Dei økonomiske konsekvensane vil bli greidd ut i si fulle breidde om det vert vedteke at Sandøy, Ona, Orten, Lyngværet, Seterøya og Gådøya blir ein del av Aukra kommun frå 1.1.2020.

Ingrid Husøy Rimstad  
Rådmann

Geir J. Göncz  
Kommunalsjef

Rett utskrift 14.03.18

Anita Raknes Otterlei  
Formannskapssekr.

**Mottakarar:**

Fylkesmannen i Møre og Romsdal	Postboks 2520	6404	MOLDE
--------------------------------	---------------	------	-------

Saksbehandlar:  
Anne Berit Støyva Emblem

Dykkar referanse:	Vår referanse:	Journalpost:	Arkivkode:	Dato:
	NYÅK/17/48-11	18/52	FA-L34, NYAK-A8	19.02.2018

## Mogleg grensejustering i Sandøy kommune - svar til Fylkesmannen frå nye Ålesund kommune

Fellesnemnda i nye Ålesund fatta i møte 15.02.2018 i sak 007/18 følgjande vedtak:

1. Fellesnemnda i nye Ålesund ønsker at øyane Sandøya, Ona, Orta, Lyngværet, Seterøya og Gåsøya, saman med resten av dagens Sandøy kommune, skal vere ein del av nye Ålesund kommune. Dette er i tråd med intensjonsavtalen mellom kommunane i nye Ålesund og sentrale mål i inndelingslova og kommunereforma.
2. Fellesnemnda understrekar at ei grensejustering vil vere ei stor tilleggsoppgåve i prosjektorganisasjonen, noko som kan medføre eit risikoelement i framdrifta med etableringa av nye Ålesund kommune.

### Innleiing

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har motteke eit innbyggjarinitiativ med søknad om grensejustering. Søknaden gjeld utgreiing av grensejustering for øyane Sandøy, Ona og Orten i Sandøy kommune, med ønske om overflytting til Aukra kommune. Fylkesmannen har også motteke søknad om grensejustering for øyane Gåsøya, Seterøya og Lyngværet i Sandøy kommune med ønske om overflytting til Aukra kommune.<sup>1</sup>

Fellesnemnda i nye Ålesund viser til brev frå Fylkesmannen datert 06.02.2018 «Grensejustering Sandøy kommune – høyring». Fylkesmannen har i brevet bedt Sandøy kommunestyre vurdere følgjande spørsmål:

<sup>1</sup> I brevet frå Fylkesmannen datert 06.02.2018 heiter det også at: «I samband med kommunereforma og med bakgrunn i inndelingslova sendte Fylkesmannen søknadane til Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) for vidare saksbehandling. Vi fekk deretter i brev frå KMD oppdrag om å utgreie konsekvensane av ei grensejustering for øyane Sandøy, Ona og Orten og eventuelt andre omkringliggande øyar. Utgreiinga gjeld difor også øyane Gåsøya, Seterøya og Lyngværet.»





1. *Kva for konsekvensar vil det gi for Sandøy kommune (nye Ålesund kommune) at øyane Sandøy, Ona, Orten, Gåsøya, Seterøya og Lyngværet blir ført over til Aukra kommune.*
2. *Korleis vurderer kommunestyret resultatet frå innbyggjarundersøkinga.*

Fellesnemnda i nye Ålesund ynskjer å gje ei sjølvstendig høyringsuttale i tillegg til høyrings svar frå Sandøy kommunestyre sjølv om ein ikkje er beden om dette spesifikt. Dette er ei viktig sak for det vidare arbeidet i samband med etableringa av nye Ålesund, og prosjektleiar meiner derfor at det er viktig at også nye Ålesund kommune ved fellesnemnda er høyringsinstans i denne saka. Det er viktig for fellesnemnda å få utrykke kva konsekvensar ei mogleg grensejustering vil få for den nye kommunen.

Sandøy kommune har utarbeidd ein god høyringsuttale som prosjektleiar i nye Ålesund støttar. Fellesnemnda bør slutte seg til denne. Denne følgjer vedlagt saksframlegget. Vi viser også til tidlegare tilsendt faktagrunnlag<sup>2</sup> som også vil vere del av vår uttale.

### **Samandrag**

Fellesnemnda rår til at øyane Sandøya, Ona, Orta, Lyngværet, Seterøya og Gåsøya, saman med resten av dagens Sandøy kommune, fortsatt skal vere ein del av Sandøy kommune og ein del av nye Ålesund kommune frå 2020. Dette vil vere i tråd med intensjonsavtalen mellom kommunane i nye Ålesund og sentrale mål i inndelingslova og kommunereforma.

Vi har respekt for at eit fleirtal av innbyggjarane på dei aktuelle øyane ønskjer ei grensejustering. Sjølv om eit fleirtal av innbyggjarane i det aktuelle område ønskjer grensejustering, er det fleire tungtvegande moment som talar imot. Det er likevel andre relevante argument som vi meiner Fylkesmannen og departementet må ta omsyn til. Vi vil trekkje fram andre moment som også må tilleggjast vekt. Det går fram av rundskriv til inndelingslova at lova ikkje seier noko om kor stor vekt ein skal leggje på dei ulike momenta i ei grensejusterings sak, vidare at alle relevante argument i saka bør vurderast.

Basert på geografi, tenestetilbod og reisetid vil ikkje ei grensejustering i Sandøy kommune gje ei meir funksjonell og formålstenleg eining, altså vil ein ikkje oppnå ein av intensjonane med inndelingslova.

Inndelingslova § 10 er etter ordlyden avgrensa til innbyggjarar i "det aktuelle området". Det går fram av rundskriv til lova at ei sak som geografisk berre vedkjem ein liten del av kommunen, kan få ringverknader langt utanfor området saka direkte gjeld. Difor er det viktig å vektlegge høyringsuttalen både frå Sandøy kommunestyre og fellesnemnda i nye Ålesund.

Stortinget har i juni 2017 stadfesta at Sandøy kommune skal vere del av nye Ålesund. Ei grensejustering vil vere eit brot på intensjonsavtalen mellom kommunane i nye Ålesund der mellom anna utvikling av havområdet er eit satsingsområde og samarbeid med universitets- og forskingsmiljø.

---

<sup>2</sup> Brev frå nye Ålesund til Fylkesmannen i Møre og Romsdal datert 18.12.17: «*Supplering av faktaopplysningar frå nye Ålesund til pågåande utgreiing om mogleg grensejustering i Sandøy kommune*»

### **Funksjonell og formålstenleg eining**

Inndelingslova har følgjande formål: «*Endringar i kommune(..)inndelinga bør medverke til å skape formålstenlege einingar som kan gi innbyggjarane og næringslivet tilfredsstillande tenester og forvaltning.*»

Kommunereformbehovet har mellom sitt grunnlag i at mange og viktige oppgåver stiller auka krav til kommunane. Det skal vere formålstenlege einingar som kan gi innbyggjarane og næringslivet tilfredsstillande tenester og forvaltning.

Aukra kommune vil på mange område kunne gi like tilfredsstillande tenestetilbod til befolkninga som nye Ålesund kommune. I nye Ålesund vil dei kommunale tenestene, og dermed arbeidsplassane, framleis vere nær brukarane. Dei tilsette blir ein del av eit større fagmiljø. Spesialiserte tenester vil bli tilgjengelege. Dette er i samsvar med målsettinga i kommunereforma om at større kommunar skal gi betre kapasitet og kompetanse. Tilgangen til eit større fagmiljø vil ikkje gjelde på same måten for Aukra kommune før Aukra kommune blir del av ei eventuell kommunesamanslåing. Vi kan ikkje sjå at innbyggjarane får betre tilgang på tenester ved ei eventuell grensejustering.

Øyane har, med unntak for Orta, kortare reisetid til sentrale servicefunksjonar i noverande Sandøy kommune enn til Aukra kommune. Reisetid vil vere avhengig av rutetilbodet, men vi vil peike på at avstandane er kortare frå Ona og Sandøy til Finnøya/Sandøy kommune enn til Småge/Aukra kommune. Orta har kortare avstand til Småge/Aukra. Når fastlandssambandet Nordøyvegen er på plass, vil innbyggjarane på øyane få ei ferjestrekning til Ålesund, medan dei har to til Molde. Dagens pendlingsmønster viser at eit lite fleirtal pendlar mot Finnøya og sørover.

### **Satsing på Havområdet i nye Ålesund**

Sjølv om grensejusteringa omfattar berre 4-5 % av innbyggjarane i Sandøy kommune, omfattar det mellom 40 og 50 % av landareal og havområde. Sandøy kommune har 21,5 kvadratkilometer landareal. Havflata i kommunen er 985,7 kvadratkilometer. Ved ei eventuell grensejustering vil store havområde ikkje lengre vere del av kommunen.

Havområdet er sentralt for å arbeide fram løysingar og sikre ei berekraftig utvikling gjennom det grøne skiftet. NTNU satsar på det grøne skiftet, og samarbeider med det innovative miljøet ved Norsk Maritimt Kompetansesenter om forskning og vidareutvikling av den maritime og marine næringa. Nye Ålesund legg opp til eit nært samarbeid og ei framtidsretta utvikling saman med forskings- og utdanningsinstitusjonane i den nye kommunen.

I konkretiseringa av Intensjonsavtalen står det: Det er viktig å utnytte Sandøy kommune sin strategiske posisjon på kysten og etablerte næringskluster for t.d. turisme, maritim, marin og energinæring. Havrommet skal utviklast som ei større strategisk næring der fagmiljø for havrommet og vindenergi etablerast i Sandøy, i nært samarbeid med forskingsinstitusjonar.

Som eksempel kan vi nemne at Sandøy kommune allereie er med i eit pilotprosjekt for å lage marine grunnkart saman med kommunane sør for oss. Prosjektet er også ein del av nye Ålesund. Det er Runde Miljøsentert som koordinerer prosjektet. Prosjektet er viktig for å kunne forvalte kyst- og havområda best mogleg, gje god kunnskap om moglege kulturhistoriske verneområde og kunnskap til bruk i beredskapsformål.

Nokre av premissane for kommunesamanslåinga vil vere borte med ei grensjustering. Dette har også ei demokratisk side. Kven skal bestemme over 40 til 50 % av arealet i ein kommune?

### **Kommunalt tenestetilbod for innbyggjarane i det aktuelle området**

Kommunegrensa er avgjerande for rettar og plikter som innbyggjarane har. Ei endring av ei kommunegrense kan mellom anna avgjere kva for skattar og avgifter som gjeld, kva for offentlege tenester som kan nyttast og kva kommune ein kan stemme i ([regjeringen.no](http://regjeringen.no)).

Grensejusteringa omfattar 4-5 % av innbyggjarane i Sandøy kommune.

Inndelingslova viser til at endringar i kommuneinndelinga bør medverke til å skape formålstenlege einingar som kan gi innbyggjarane og næringslivet tilfredsstillande tenester og forvaltning. Vi har i tidlegare brev påpeikt faktaopplysningar vedrørande det kommunale tenestetilbodet i det aktuelle området i dag og i nye Ålesund. Her er mellom anna kommunale tenestetilbod innan helse- og omsorg, skule, kultur- og fritidstilbod, kulturminne og kyrkje og kyrkjegard/gravplass trekt fram at. Også vatn, avløp, branndepot og brannpostar, vegar og kommunale kaier er omtalt.

Kommunale tenester i nye Ålesund (jamfør intensjonsavtalen):

- I nye Ålesund vil Steinshamn framleis ha tilbod om jordmor, helsestasjon, lege, heimeteneste, omsorgsbustader med og utan heildøgnspleie, sjukeheim, rådhusfunksjonar og andre tenester. Skule, barnehage og SFO skal vere på Huse som no. Dette går fram av intensjonsavtalen.
- Som del av nye Ålesund vil dei kommunale tenestene, og dermed arbeidsplassane, framleis vere nær brukarane.
- Dei tilsette i Sandøy blir ein del av eit større fagmiljø i nye Ålesund. Spesialiserte tenester vil bli tilgjengelege for innbyggjarane. Dette i samsvar med målsettinga i kommunereforma om at større kommunar skal gi betre kapasitet og kompetanse.

Nye Ålesund vil understreke at tenestetilbod skal oppretthaldast, inklusiv sørvisfunksjonar. Her vil også digitalisering bli viktigare, noko som er ei prioritert satsing i nye Ålesund. Intensjonsavtalen for nye Ålesund slår også fast at kommunedelutval skal ha ein viktig funksjon i den nye kommunen for å ivareta demokratiet. Dette vil vere eit gode for innbyggjarane i Sandøy kommune.

### **Økonomiske konsekvensar for nye Ålesund**

I brevet om faktaopplysningar oversendt frå nye Ålesund til Fylkemannen i desember 2017, har vi peika på negative konsekvensar ved ei grensejustering for Sandøy kommune ift. mindre frie inntekter, bortfall av skatteinntekter og mogeleg tapt inntektskjelde i havbruksfondet. Desse negative økonomiske konsekvensane for Sandøy kommune følgjer også med til nye Ålesund.

Dei økonomiske konsekvensane for kommunane av ei grensjustering er usikre. Det er gitt høve til å søke fylkesmannen om midlar til ei utgreiing i regi av Telemarksforsking.

Kommunen vil miste inntekter, men også få færre utgifter. Grunnlaget for tenester for resten av kommunen kan bli svekka. Færre innbyggjarar kan utfordre tenestetilbodet lokalt.

### **Ressursmessige kostnader for nye Ålesund i prosjektperioden**

Sjølv om dei økonomiske konsekvensane på lengre sikt er vanskeleg å stipulere i dag, vil ei grensejustering ha ei kostnadsside i det noverande prosjektarbeidet med etablering av nye Ålesund kommune. Dette gjeld omkostnadar både av økonomisk og personell art.

Nye Ålesund er den største kommunesamanslåingane i landet. Vi har lite kapasitet til å førebu kommunesamanslutninga dersom vi også samtidig skal handtere ei grensejustering. Ei grensejustering vert ei stor tilleggsoppgåve. Denne meirbelastninga på prosjekt nye Ålesund kan bli eit kritisk moment for å kome i hamn med kommunesamanslåinga. Dette meiner prosjektleiar også er eit moment som fylkesmannen må ta med i si vurdering.

### Konklusjon

- Ei grensejustering vil vere eit brot på intensjonsavtalen i nye Ålesund der mellom anna utvikling av havområdet er eit satsingsområde.
- Grensejusteringa vedkjem få innbyggjarar, men eit stort areal. Ei grensejustering vil kunne få konsekvensar for tilbodet til dei andre innbyggjarane i Sandøy.
- Mange og viktige oppgåver stiller auka krav til kommunane. Ei grensejustering vil ikkje vere i tråd med målet i kommunereforma om større og sterkare fagmiljø.
- Med å vere ein del av nye Ålesund vil ein få tilgang på eit større fagmiljø for dei kommunale tenestene og tilgang til spesialiserte tenester.
- Innbyggjarane vil ikkje inngå ei meir funksjonell eining enn tidlegare dersom dei vert overførte til Aukra.
- Belastninga i prosjektorganisasjonen nye Ålesund kommune, vil bli kritisk dersom ein også skal handtere ei grensejustering.

Med helsing  
Astrid Eidsvik  
prosjektleiar/rådmann nye Ålesund

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*

### Vedlegg:

Uttale grensejustering frå Sandøy kommune – grensejustering Sandøy, Ona, Orten m.fl.  
Tilleggsuttale frå Sandøy kommune 07.02.18 - grensejustering Sandøy Ona Orten m.fl.  
Brev til innbyggjarane i Sandøy kommune frå ordføraren datert 09.01.2018



Kartverket

FYLKESMANNEN I MØRE OG ROMSDAL  
Postboks 2520

6404 MOLDE  
Norge

Deres ref.:

Vår ref.

Dato:

Sak/dok.: 17/55367-2

01.03.2018

Ark.: 326.33

## Høyringsvar til kommunegrensejustering mellom Aukra og Sandøy kommunar ved Ona, Orten og Sandøya

I brev av 6. februar 2018 ber Fylkesmannen i Møre og Romsdal om Kartverket sin vurdering av kvaliteten på grenseforslaget i innbyggerinitiativet til endra kommunegrense mellom Sandøy kommune og Aukra kommune. Dei tre busette øyane lengst aust i Sandøy kommune, Ona, Orten og Sandøya, ynskjer tilhøyra Aukra. Innbyggerinitiativ har òg komen frå øyane Gåsøya, Seterøya og Lyngværet, men på desse øyane er det ikkje fastbuande.

Skulle ein følgd dei geografiske tilhøva, ville dei ytre delane av dagens Aukra kommune måtte tilhøyra Sandøy. Dette vil vera stikk i strid med dei lokale ynskja. Men fjorden er breiast og djupast nordaustover heilt frå Harøyfjorden, gjennom Saltsteinsleia og fram til Budadjupet nord for Aukra kommune, sjå vedlegg side 8-11. Her ville ein treffa på austgrensa for noverande Aukra, og vinkla nordetter ut mot ope hav slik som grensa mot Fræna no ligg, berre litt vestlegare. Berre Orta og Lyngværet vil verta med til Aukra om ein valde ei slik løysing. Grunnen til at ein har pressa grensa ut gjennom det tronge og grunne farvatnet i Ertneskjærleia, er at Aukra dermed får ein opning ut mot storhavet, elles ikkje.

Skal ein styra ut mot ope hav lengre mot vest, er det Kråksundet som utpeikar seg. Eit større tal skjer utan busetnad vil da verta tilhøyrande Aukra, sjå vedlegg side 5-7.

Dersom alle dei tre busette øyane skal overførast, finst det ei mogleg rås rett aust om Gåsøya og Seterøya, og deretter utover i nordvestleg retning. Dette er nok det beste alternativet med denne føresetnaden, sjå vedlegg side 3-4. Med dette forslaget vil øyane Gåsøya og Seterøya bli verande att i Sandøy kommune.

Det er òg mogleg å gå rett vest om desse to øyane, slik at dei vert med til Aukrasida, sjå vedlegg side 1-2, men då må ein kryssa over svært grunne bankar og trengt farvatn!

Kartverket sitt framlegg til ny kommunegrense i sjøen, vert forslag nummer 2 (side 3-4 i vedlegget) innehaldande 5 punkt, med start i grensa mot Midsund kommune:

Nord	Aust	Punkt	Merknad
6958800	376170	1	Punkt mot Midsund-umerka brytningspunkt i sjø
6968540	374660	2	Umerka brytningspunkt i sjø
6969450	370880	3	Umerka brytningspunkt i sjø
6972824,4	367420	4	Grunnline-umerka brytningspunkt i sjø

6991175	354890	5	Territorialgrense-umerka brytningspunkt i sjø
---------	--------	---	---

Koordinatane er oppgjevne i koordinatsystem Euref89 UTM sone 32. Dei to punkta på grunnline og territorialgrense, er enno ikkje noggrant rekna.


Med venleg helsing

Carina Tolpinrud Jøntvedt

Dokumentet sendast utan underskrift. Det er godkjende i samband med interne rutinar.


Vedlegg: Fire kommunegrenseforslag i sjø

Vedlegg til høyringsssvar til kommunegrensejustering mellom Aukra og Sandøy kommunar ved Ona, Orten og Sandøya.  
Fire kommunegrenseforslag i sjø.



Grenseforslag 1 i rødt. Oversiktskart.


Vedlegg til høyringsvar til kommunegrensejustering mellom Aukra og Sandøy kommunar ved Ona, Orten og Sandøya.  
 Fire kommunegrenseforslag i sjø.



Forslag 1 i rødt. Detaljkart med dybder.




Vedlegg til høyringsvar til kommunegrensejustering mellom Aukra og Sandøy kommunar ved Ona, Orten og Sandøya.  
Fire kommunegrenseforslag i sjø.



Forslag 2 i rødt. Oversiktskart.

Vedlegg til høyringsvar til kommunegrensejustering mellom Aukra og Sandøy kommunar ved Ona, Orten og Sandøya. Fire kommunegrenseforslag i sjø.



Forslag 2 i rødt. Detaljkart med dybder.

Vedlegg til høyringsssvar til kommunegrensejustering mellom Aukra og Sandøy kommunar ved Ona, Orten og Sandøya.  
Fire kommunegrenseforslag i sjø.




Forslag 3 i rødt. Oversiktskart.




Kartverket

Vedlegg til høyringsvar til kommunegrensejustering mellom Aukra og Sandøy kommunar ved Ona, Orten og Sandøya. Fire kommunegrenseforslag i sjø.



Forslag 3 i rødt, dagens kommunegrenser i burgunder. Detalj kart med dybder, sør.

Vedlegg til høyringsssvar til kommunerejustering mellom Aukra og Sandøy kommunar ved Ona, Orten og Sandøya.  
Fire kommunerejusteringsforslag i sjø.



Forslag 3 i rødt, dagens kommunegrenser i burgunder. Detaljkart med dybder, nord.

Vedlegg til høyringsvar til kommunegrensejustering mellom Aukra og Sandøy kommunar ved Ona, Orten og Sandøya.  
Fire kommunegrenseforslag i sjø.




Forslag 4 i rødt. Oversiktskart.

Vedlegg til høyringsvar til kommunerejustering mellom Aukra og Sandøy kommunar ved Ona, Orten og Sandøya.  
Fire kommunerejusteringsforslag i sjø.



Forslag 4 i rødt, dagens kommunegrenser i burgunder. Detaljkart med dybder, nord.

Vedlegg til høyringsvar til kommunegrensejustering mellom Aukra og Sandøy kommunar ved Ona, Orten og Sandøya. Fire kommunegrenseforslag i sjø.




Forslag 4 i rødt, dagens kommunegrenser i burgunder. Detaljkart med dybder.





Kartverket

Vedlegg til høyringsvar til kommunegrensejustering mellom Aukra og Sandøy kommunar ved Ona, Orten og Sandøya. Fire kommunegrenseforslag i sjø.



Forslag 4 i rødt, dagens kommunegrenser i burgunder. Detaljkart med dybder, sør.



## saksframlegg

Dato: 22.02.2018 Referanse: 17620/2018 Vår saksbehandlar: Ole Helge Haugen

Saksnr  
**U 17/18**

Utval  
Fylkesutvalet

Møtedato  
26.02.2018

## Høyring - grensejusteringar i Møre og Romsdal

### Bakgrunn

Fylkesmannen har fått i oppdrag frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) å utgreie fem grensejusteringar i Møre og Romsdal:

- Gjemnes kommune - Angvik, Flemma, Fagerlia og Øye/Heggem til Molde
- Ørsta kommune - Bjørke og Viddal til Volda kommune
- Stranda kommune - Liabygda til Fjord kommune
- Sandøy kommune - Sandøy, Ona, Orten, Gåsøya, Seterøya og Lyngværet til Aukra kommune
- Norddal kommune- Norddal og Eidsdal til Stranda kommune.

Det er eit omfattande grunnlagsmateriale i den enkelte grensejusterings-saka som ein kan finne på fylkesmannen si nettside:

<https://www.fylkesmannen.no/More-og-Romsdal/Kommunal-styring/Ny-kommune-2020/Grensejusteringar/>

Grensejusteringane varierer nokså mykje både når det gjeld folketal, del av samla folketal i kommunen og geografisk omfang.

Kommune	Folketal kommune	Grensejustering	Folketal aktuelt område	Grensejustering - Del av befolkning	
Gjemnes	2 611	Angvik, Flemma, Fagerlia og Øye/Heggem	661	25,3 %	
Ørsta	10 744	Bjørke og Viddal	115	1,1 %	
Stranda	4 623	Liabygda	220	4,8 %	
Sandøy	1 246	Sandøy, Ona, Orten, Gåsøya, Seterøya og Lyngværet	67	5,4 % (0,1 %)	Sandøy blir frå 2020 ein del av «nye» Ålesund med eit folketal nærare 70 000
Norddal	1 663	Norddal og Eidsdal	488	29,3 % (19,5 %)	Norddal blir frå 2020 ein del av Fjord kommune med eit folketal på om lag 2 500

Møre og Romsdal fylkeskommune er bedne om å gje uttale til ei eventuell grensejustering sett ut i frå eit regionalt perspektiv.

## **Vurdering**

Fylkeskommunen er ikkje bedne om å uttale seg for eller mot dei ulike grensjusteringane, men om, og i tilfelle kva dei regionale verknadane kan vere. Fylkesrådmannen vel å legge fram alle grensejusteringane i ei samla sak. Fagavdelingane i fylkeskommunen har, i tråd med § 9 i inndelingslova, gitt generelle innspel til fylkesmannen si saksførebuing når det gjeld verkander av grensejusteringar på dei ulike fagområda. Dette er innspel som i hovudsak ikkje er knytt opp mot konkrete grensejusteringar, men er av generell karakter.

### **2.1 Plan- og analyse**

Kommunale grensejusteringar internt i Møre og Romsdal vil ikkje påverke tenestetilbodet relatert til plan, planfagleg rettleiing og tilbodet om statistikk- og analysehjelp til kommunane.

### **2.2 Utdanning**

Grensejusteringar internt i Møre og Romsdal vil ikkje ha betydning for skoletilbodet eller skulestrukturen. Fritt skuleval og at det gjeld få elevar er grunnen til det.

### **2.3 Tannhelse**

Pasientar i Øye/Heggem, Fagerli, Flemma og Angvik vil framleis bli behandla ved DTK Batnfjord, med atterhald om utfordringar knytt til pasientdata. Grensejusteringa relatert til Bjørke og Viddalen vil ikkje føre til noen konsekvensar då pasientane allereie brukar Distriktstannklinikk (DTK) Volda. Grensejusteringa relatert til Liabygda vil ikkje føre til nokre konsekvensar då pasientane allereie brukar DTK Valldal. Grensejusteringa relatert til Orten, Sandøy og Ona/Husøy kan gje ei utfordring med pasientjournalssystemet OPUS, men det må kunne løysast. Pasientane vil ikkje bli flytta til Aukra for behandling.

### **2.4 Samferdsel**

#### **2.4.1 Veg**

Grensejusteringar internt i fylket vil ikkje ha nokon konsekvens for brukarane av vegen.

#### **2.4.2 Kollektivtrafikk**

Grensejusteringar internt i fylke kan få ein konsekvens. Rutepakkane er i dag strukturert slik at dei i hovudsak følg kommunegrensene. Grensejusteringar fører til endra kommunesenter for innbygarane, og det kan medføre at det ikkje går kollektivtrafikk til dømes til rådhuset i kommunen. Dette kan igjen føre til endra behov i kollektivtrafikken, noko som kan medføre endring i kollektivproduksjonen. Endring i produksjon kan føre til økt vognbehov. Behov for meir materiell enn definert i kontraktane kan bli kostnadskrevjande for fylkeskommunen.

#### **2.4.3 Skoleskys**

Grensejusteringar internt i fylke kan få ein konsekvens. Elevar ved private skolar vil få ein utvida skyssrett om dei bur i ein stor kommune. Skyssretten er avgrensa til å gjelde heimkommunen, og store kommunar vil gi fylkeskommunen økonomisk ansvar for lenger strekning med skoleskys.

I grunnkrinsen Liabygda er det ei eventuell endring i den kommunale skulestrukturen som kan medføre behov for ekstra rute. Dette er uavhengig av kva kommune dei vel å høyre til i.

#### 2.4.4 Drosje

Nokre av grensejusteringane internt i Møre og Romsdal vil føre til små justeringar i høve løyvegrensene for drosjane i kommunane.

#### 2.4.5 Tilrettelagt transport for funksjonshemma (TT-ordninga)

Ingen store endringar når ved grensejusteringar internt i fylket.

### 2.5 Regional- og næringsavdelinga

Konsekvens for tenestetilbodet frå regional- og næringsavdelinga.

#### 2.5.1 Kommunale næringsfond og hoppid.no

I den grad det vert flytta mange personar ved grensejusteringar internt i fylket, vil fordeling av kommunale næringsfond verte påverka. Noko av beløpet vert fordelt etter innbyggartal i kommunane.

#### 2.5.2 Distriktsområde

Nokre av desse grensejusteringane medfører at grunnkretsar vil flytte frå kommunar i distriktsområdet (sone 3) til sone 1 eller sone 2. Kva sone kommunen er i, har betydning for kva type støtte ein kan få frå fylkeskommunen og kva støtte bedriftene kan få frå Innovasjon Norge. Sonene gjeld til og med juli 2021, om grensejusteringane vil «overstyre» denne soneinndelinga er mindre truleg.

#### 2.5.3 Vassforvaltning

Interne grensejusteringar vil ikkje ha konsekvensar for den tenesta fylkeskommunen tilbyr. Men kommunane må kartlegge dei vassdraga som skifter kommune.

#### 2.5.4 Akvakultur

Interne grensejusteringar i fylket vil ikkje ha konsekvensar for akvakulturforvaltninga til fylkeskommunen.

### 2.6 Kultur

#### 2.6.1 Kulturvernseksjonen

Grensejusteringar vil føre til ei utfordring i samband med arkivsituasjonen relatert til fagelta kulturminne og arkeologi. Det vil derfor vere viktig å legge ein plan for korleis dette praktisk kan løysast. Erfaringa frå til dømes grensejusteringa mellom kommunane Vanylven og Sande er relevant.

#### 2.6.2 Seksjon Folkehelse og fysisk aktivitet

Når det gjelder morotur.no, må vi gjere nokre praktiske endringar når nye kart teiknast. Kommunereforma og grensejusteringar vil føre til endringar i anleggsdekninga i dei ulike kommunane. Anleggsdekninga leggst til grunn for prioriteringane av spelemiddel. Det er mange anlegg i fylket, og arbeidet med kartlegginga har ikkje starta enda.

### 2.6.3 Kulturformidlingsseksjonen

Seksjonen drifter den kulturelle skolesekken i kommunane i fylket. Interne grensejusteringar endrar ikkje organiseringa av turneane i stor grad, men det vil vere behov for reorganisering internt hos oss.

Det må opprettast dialog med kommunekontaktane om endringar og samordning. Det vil bli fleire arbeidsoppgåver for kommunekontaktane i overgangen, men det vil normalisere seg etter kvart.

### 2.6.4 Fylkesbiblioteket

Truleg ingen konsekvensar.

Fylkesrådmannen vurderer verknadane av grensejusteringar internt i fylket på fylkeskommunen sine tenesteområde isolert sett til ikkje å vere av ein slik karakter eller omfang at det bør tillegast stor vekt i vurderingane.

Fylkesrådmannen vurderer at det ikkje er naturleg for fylkeskommunen å uttale seg om mindre grensjusteringar som ikkje har verknader utover det området justeringa omfattar.

Det er likevel slik at søknadane for Gjemnes og Norddal er av ein slikt omfang at det kan få verknader for «restkommunen». Særleg Gjemnes kommune har gitt uttrykk for at ei eventuell overflytting av Angvik, Flemma, Fagerlia og Øye/Heggem til Molde gjer framtida for resten av Gjemnes som eigen kommune usikker. Fylkesrådmannen har ikkje grunnlag for å vurdere realitetane i dette, og meiner det er nødvendig å bruke noko meir tid og ressursar for å utgreie dette.

Prinsippet om at alle som vert påverka av ei avgjerd bør få uttale seg bør føljust i slike saker. Dette kan til dømes gjerast ved at innbyggerane i heile kommunen vert omfatta av ein innbyggjarhøyring. Det bør før ei slik høyring avklarast kva alternativ som er moglege utfall. Det er fylkesrådmannen si vurdering at i tilfelle der grensejusteringa har/kan ha verknader utover det området det vert søkt for, må kommunestyret si uttale i saka vege tungt. Dette krev at kommunestyret har tilgang til resultatata frå innbyggjarhøyringa brote ned på krets/grend i ein slik grad at ein kan danne seg eit bilde av haldningane i alle deler av kommunen.

Fylkesrådmannen vurderer det slik at særleg grensejusteringa i Gjemnes kommune har potensiale til å gje regionale verknader ved at «balansen» mellom bykommunane kan vert endra. Saka, slik den no ligg føre, er ikkje tilstrekkeleg utgreia til å ta stilling til moglege utfall av denne grensejusteringa.

For Stranda/Norrdal er situasjonen noko meir komplisert då det er to søknader som påverkar kvarandre i høve til endeleg folketal i kommunane etter ei eventuell grensejustering. Sakene i Norrdal og Gjemnes er etter fylkesrådmannen si vurdering i grenseland for å bli behandla som grensejustering og ikkje som deling.

Det er vanskeleg å fastslå direkte regionale verknader av dei omsøkte grensejusteringane, noko som gjer at fylkesrådmannen ikkje finn det naturleg at fylkeskommunen peikar på konkrete løysingar i desse sakene no. For grensejusteringa i Gjemnes meiner fylkesrådmannen at moglege konsekvensar for resten av kommunen, og regionen, ikkje er tilstrekkeleg utgreia, og at ein dermed ikkje kan ta stilling til eventuelle regionale konsekvensar.

### **Forslag til vedtak:**

1. Fylkesutvalet i Møre og Romsdal ser ikkje at grensejusteringane fylkesmannen har til behandling, med mogleg unntak for Gjemnes, har regionale verknader av eit slikt omfang at det er naturleg for fylkeskommunen å gje uttale i den enkelte sak.
2. Fylkesutvalet meiner at grensejusteringar med potensielt store verknader for «restkommunen» og regionen bør få eit breiare beslutningsgrunnlag enn mindre justeringar. Her bør innbyggjarane i heile kommunen høyrast og kommunestyret si uttale må leggast stor vekt på i den vidare behandlinga.
3. Fylkesutvalet for sin del meiner det trengs ytterlegare utgreiingar knytt til grensejusteringa i Gjemnes. Her er det frå kommunen si side gitt uttrykk for at ei eventuell overflytting av Angvik, Flemma, Fagerlia og Øye/Heggem til Molde gjer framtida for resten av Gjemnes som eigen kommune usikker.

### **Behandling i Fylkesutvalet - 26.02.2018**

Torgeir Dahl (H) fremma spørsmål om sin habilitet som ordførar i Molde kommune og leiar i fellesnemnda, og gjekk frå møtet under røystinga.

Eva Vinje Aurdal (AP) fremma spørsmål om sin habilitet som ordførar i Ålesund kommune og leiar i fellesnemnda og gjekk frå møtet under røystinga.

Sidsel Rykhus (AP) fremma spørsmål om sin habilitet som varaordførar i Molde kommune og medlem i fellesnemnda. Ho gjekk frå møtet under røystinga.

Randi Walderhaug Frisvoll (KRF) fremma spørsmål om sin habilitet som varaordførar i Haram kommune og medlem i fellesnemnda. Ho gjekk frå møtet under røystinga.

Margareth Hoff Berg (FRP) fremma spørsmål om sin habilitet som medlem i fellesnemnda for Nye Molde kommune og gjekk frå møtet under røystinga.

Frank Sve (FRP) fremma spørsmål om sin habilitet som medlem i formannskapet i Stranda kommune og gjekk frå møtet under røystinga.

7 voterande.

Frank Sve vart samrøystes kjend habil. 8 voterande.

Eva Vinje Aurdal vart kjend habil med 5 røyster (AP, 1H FRP 1 V). 3 røysta imot (1V, UAVH, SP).

Torgeir Dahl vart kjend habil med 5 røyster (AP, 1H FRP 1 V). 3 røysta imot (1V, UAVH, SP).

Margareth Hoff Berg vart kjend habil med 5 røyster (AP, 1H, FRP, 1 V). 3 røysta imot (1V, UAVH, SP).

Randi Walderhaug Frisvoll vart kjend habil med 5 røyster (AP, 1H, FRP, 1 V). 3 røysta imot (1V, UAVH, SP).

Sidsel Rykhus vart kjend habil med 5 røyster (AP, 1H, FRP, 1 V). 3 røysta imot (1V, UAVH, SP).

Eva Vinje Aurdal, Torgeir Dahl, Margareth Hoff Berg, Randi Walderhaug Frisvoll og Sidsel Rykhus tok sete. 13 voterande.

Torgeir Dahl ba om fritak etter kommunelova § 40, nr 4, på bakgrunn av sin rolle som ordførar i Molde kommune og gjekk frå under røystinga. 12 voterande.

Torgeir Dahl fekk samrøystes innvilga fritak etter kommunelova § 40, nr 4.

12 voterande.

Kristin Marie Sørheim (SP) fremma på vegner av seg sjølv, Mette Belden (UAVH), Gunn Berit Gjerde (V) og Iver Nordseth (V):

- «1. Fylkesutvalet i Møre og Romsdal ser ikkje at grensejusteringane fylkesmannen har til behandling, med unntak for Gjemnes og Norddal, har regionale verknader av eit slikt omfang at det er naturleg for fylkeskommunen å gje uttale i den enkelte sak.
2. Fylkesutvalet meiner at grensejusteringar med potensielt store verknader for «restkommunen» og regionen bør få eit breiare beslutningsgrunnlag enn mindre justeringar. Her må innbyggjarundersøkinga offentleggjerast på grunnkrinsnivå og kommunestyret si uttale må leggast stor vekt på i den vidare behandlinga.
3. Fylkesutvalet for sin del meiner at dei omsøkte grensejusteringane i Norddal og Gjemnes representerer ei deling av kommunane og difor må behandlast av Stortinget. Deling av kommunane gjer framtida til Gjemnes og Fjord kommune usikker og er i strid med nyleg fatta Stortingsvedtak i kommunereforma for desse kommunane. Fylkesutvalet vil for sin del ikkje tilrå ei grensejustering eller deling av Gjemnes og Norddal kommune.»

Charles Tøsse (H) fremma på vegner av seg sjølv, Frank Sve (FRP) og Margareth Hoff Berg (FRP) følgjande forslag:

«Fylkesutvalet i Møre og Romsdal ser ikkje at grensejusteringane fylkesmannen har til behandling har regionale verknader av eit slikt omfang at det er naturleg for fylkeskommunen å gje uttale i den enkelte sak.»

Per Vidar Kjølmoen (AP) fremma følgjande endringsforslag:

«Pkt 3 i innstillinga strykes.»

Kristin Marie Sørheim (SP) fremma forslag om å dele opp punkt 3 i tidlegare innsendt forslag til nye punkt 3 og 4 slik:

- «3. Fylkesutvalet for sin del meiner at dei omsøkte grensejusteringane i Norddal og Gjemnes representerer ei deling av kommunane og difor må behandlast av Stortinget.
4. Deling av kommunane gjer framtida til Gjemnes og Fjord kommune usikker og er i strid med nyleg fatta Stortingsvedtak i kommunereforma for desse kommunane. Fylkesutvalet vil for sin del ikkje tilrå ei grensejustering eller deling av Gjemnes og Norddal kommune.»

Per Vidar Kjølmoen trekte forslaget sitt.

**Votering:**

Tilrådinga frå fylkesrådmannen fekk 0 røyster og fall.

Det vart votert alternativ over forslaget frå Charles Tøsse og punkt 1-3 i forslaget frå Kristin Marie Sørheim med fleire. Punkt 1-3 i forslaget frå Kristin Marie Sørheim med fleire fekk 8 røyster og vart vedteke. 4 røysta for forslaget frå Charles Tøsse (1H, 1AP, FRP).

Punkt 4 i forslaget frå Kristin Marie Sørheim med fleire fekk 4 røyster og fall (UAVH, V, SP)

**Vedtak i Fylkesutvalet - 26.02.2018**

1. Fylkesutvalet i Møre og Romsdal ser ikkje at grensejusteringane fylkesmannen har til behandling, med unntak for Gjemnes og Norddal, har regionale verknader av eit slikt omfang at det er naturleg for fylkeskommunen å gje uttale i den enkelte sak.
2. Fylkesutvalet meiner at grensejusteringar med potensielt store verknader for «restkommunen» og regionen bør få eit breiare beslutningsgrunnlag enn mindre justeringar. Her må innbyggjarundersøkinga offentleggjerast på grunnkrinsnivå og kommunestyret si uttale må leggast stor vekt på i den vidare behandlinga.
3. Fylkesutvalet for sin del meiner at dei omsøkte grensejusteringane i Norddal og Gjemnes representerer ei deling av kommunane og difor må behandlast av Stortinget.

Ottar Brage Guttelvik  
fylkesrådmann

Ole Helge Haugen  
fylkesplansjef